



Omvendt hykleri

Det har visst alltid vore på moten å snakke om religiøst hykleri. Og ordtaket «ingen røyk utan eld» gjeld vel her som elles. Sjølvaste Jesus gjekk ikkje av vegen for å snakke om det.

Det kan vere utstilling på gatehjørna og alt anna hovmod, og det kan vere fin facade og indre mørker og rot. Alt dette er så visst ein fare som alle truande kristne bør tenke over. Det er lett å bli ført bak lyset av så mangt vondt lureri.

Religiøst hykleri er altså framleis i stand til å bli liv laga. Men det vi her skulle skrive om var omvendt religiøst hykleri. Og bakgrunnen til det er alle påstandane om at folk flest ikkje meiner noe med sitt kyrkjemedlemskap. Det er berre likesæle at ein er registrert, og ikkje utmeldt. Visst er det vel noen slike. Men dei som vi har oppdaga er mange er dei

Framh. s. 2

ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 6

JUNI 1975

24. årgang

Statskyrkja

*Hadde tenkt å melde meg ut
av statskyrkja*

Ringde til presten

Men presten var bortreist —

Prestefrua sa

at han kom i femtida

Men i femtida

hadde eg gløymt heile statskyrkja.

Rolf Sagen.

Kjerka vår

*Ætte arbeid vukkulant,
der 'om drogs og slet med mangt —
va-de så velsigna godt
i gammelkjerkoim å få bøy-se ned,
hør på guðsordet og bøye kne.
Å, korr kvar dagsstræv og ståk vart smått!*

*Kjerka, som på gammel tuft æ lagt —
Bli ho holde høgt i ære og i makt?
Har ho nå' å gje?
Vil ho bli te signing for den unge slekt?*

*Ja, sålæng som folke, slik som dø æ skåppå,
i ei værd i sakn, lidning, jammer,
med en trong i inste hjartekammer*

*ætte nå' som dryp en himmelsk dråppå
inn i menneskje-sjæle som treng fred —*

*Ja, så-læng som de på folke vår i bøgden
gløtta ned et faderauge ifrå høgden —*

*og så-læng som kjerka — ifrå koret,
ifrå stola, gjennom bøn og song og Ordet —
føre i sin munn,*

S a n n h e t a som kvile på den rette grunn —

*Ja, så-læng som sjælin derifrå bli helsa
med ordet om den store Frelsa —*

*så vil dem som der går ut og inn,
ved alterfoten ly og kvile finn . . .*

M. Foss

SLEKTERS GANG



Døpte

- Orkdal.**
- 27.4. Rune Kristiansen
1.5. Rune Melås
- Orkanger.**
- 8.5. Monica Mjølven
Vidar Alden Olsen
Magne Molde
1.6. Bengt Røhmesmo
Endre Snildal
- Orkland.**
- 18.5. Steinar Holden
Trond Melting



Vigde

- Orkdal**
- 5.4. Johannes Kjøren
og Eva Marte Monsen
26.4. Svein Gunnar Liøkel
og Bjørg Hakkebo

GUD
er en kongelig,
skapende Herre,
som alltid på
nytt sier et
«DET BLI»
Av ditt livs
ruiner lar Han
ET NYTT
LIV
oppstå.

M_B

Døde

- Orkdal.**
- 22.4. Ingebrigt Jamtgård f. 1893
30.4. Bjarne Lillerønning f. 1932
4.5. Johannes Aune f. 1916
6.5. Ole Trønsdal f. 1908
2.5. Kasper Fredrik Hassel f. 1898
- Orkanger.**
- 1.5. Olaf Anton Sivertsen f. 1884
4.5. Lars Singstad f. 1896
10.5. Marit Grøseth f. 1896
14.5. Jon J. Hongslø f. 1902

Omvendt hyklari - -

Framh. frå s. 1.
«som trur i sitt hjarte, men ikkje
tør vedkjenne med munnen». Dette er dei omvendte religiøse hyklarar. Tru, men ikkje vedstå seg si tru.

Vel, la oss vedgå at noe av grunnen til dette kan ligge i og hos den aktive kjerne, kristenflokket. Dårleg eksempel, isolasjon, snevert kultursyn, seg sjøl nok osv. Altså det som kan registrerast under begrepet religiøst hyklari.

Men hovudgrunnen ligg hos den enkelte som ikkje dristar seg utpå truas liv. Det er verst for dei sjøl. Ein får ikkje dei store og glade og trygge opplevingane. Og ein kan misse trua! Men det går også utover andre. Fellesskapet i menigheten blir redusert fordi den inspirasjon den som uteblir kan gi ikkje er der.

På denne bakgrunn gir vi appellen: Slutt med ditt omvendte hyklari. Kom og bli med. Du treng fellesskapet, og fellesskapet treng deg!

Takk til alle som hugsar oss på konfirmasjonsdagen 4. mai.

Bjørg, Ragna og Brage Fagerli.

Jubileumsprogram

- Laurdag 21. juni:**
- Kl. 14,30: Musikk ved Svorkmo stasjon. Løkken Juniorkorps.
Kl. 15,00: Tale av direktør Per Palmer og dr. Yngvar Kjelstrup. Korsong.
Kl. 19,00: Minnehøgtid på Schankekakken. Sokneprest Einar Koren. Korsong.
Kl. 20,00: Minnehøgtid på Smedhaugen. Prost Olaf Havdal. Korsong.

- Søndag 22. juni: kl. 11,00**
- Jubileumsgudsteneste i Orkland kyrkje ved domprost Thor With mfl. Orkland mannskor.
Kl. 17,00: Dr. Kjelstrup taler på stasjonen.

- Kl. 19,00: Jubileumsvesper i Orkland kyrkje. Prost Kaare Rogstad. Orklakoret. Orkland mannskor, Steinar Jakobsen.

Det er høve til å få kjøpt mat ved Svorkmo stasjon begge dagane.

Adresseliste

- Orkdal sokn.**
adr. 7320 Fannrem
Sokneprest Kaare Rogstad t. 82142
Klokkar Alfild Engen t. 82435
Organist Steinar Jakobsen t. 86841
l. 2167.
Kyrkjetenar Lars Fandrem t. 82476
Kyrkjeverge Arne Fagerholt t. 80614
Form. i soknerådet Arnt Gangås t. 82260
- Orkland sokn**
adr. 7330 Svorkmo
Res. kap. Inge Eidhamar t. 86841
l. 2088.
Klokkar Jens Indergård t. 84533
Kyrkjetenar Helge Sandstad t. 86841
l. 2058.
Kyrkjeverge Ingvar Grytdal t. 86 841
l. 2021.
Form i soknerådet Martha Fagerli t. 86 841. l. 2156.
- Orkanger sokn**
adr. 7300 Orkanger
Menighetssekr. Per Solem t. 80 726
Prestekontoret t. 80 671
Organist Erling Hoff t. 80 472
Kirketjener John Stokke t. 80 564
Kirkeverge Egil Singstad t. 80 517
Form. i soknerådet Agnes Singstad
- Geitastrand sokn**
adr. 7374 Geitastrand
Klokkar/kyrkjetenar Gunerius Kjøren t. 83 453.
Organist Magnhild Hoff t. 80 472
Form. i soknerådet Gunvor Rian t. 80 154

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
Anny Bonde.
Reidar Halgunset.

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonser:
Sigmund Haugset.

Kasserar:
Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.
Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Dåpen - min dåp

1

Han sitter alltid på første benken i kirka. Jeg ser ham for meg den gamle mannen med den skarpskårne profilen og den «kvite alders krana» på. Det var først under barnedåpen jeg fikk øye på ham. For under dåpshandlingen reiste han seg alltid. Da var det bare én ting som eksisterte for ham: dåpsbarnet og dåpshandlingen slukte all hans oppmerksomhet. Nå var høydepunktet i gudstjenesten kommet. Her, på første benk, måtte han sitte. Han måtte følge med i dette at nye barn ble tatt inn i Guds barneflokk. Jeg tenker meg at denne min ukjente

TIL ORKLAND MENIGHET

Hjertelig takk for innbydelsen til min kone og meg til 300-årsjubileet for Orkland kirke, og det gledet meg at dere ikke glemmer gamle venner. Da imidlertid min kone døde ifjor og jeg selv er gått inn i oldingalderen, kan vi dessverre ikke få besøke dere ved jubileet.

Vi hadde mange gode, lyse minner fra vår første menighet og fra oppholdet i Orkland, og jeg vil få samle mine varme ønsker for menigheten i ordet fra 2. Kor. 9.8: Gud er mektig til å gi eder all nåde i rikelig mål, for at I alltid i alle ting kan ha alt det I trenger til, og således rikelig kan gjøre all god gjerning.

Oslo 15/5 -75.

Med hjertelig hilsen,

Egil Brekke.

Av varig verdi

Etter oppmoding fra redaktøren sender jeg en liten hilsen. Det blir noen enkle tanker, skrevet ned mens jeg venter på at middagen skal bli ferdig.

Nok et jubileum i samband med gruve drifta i dalføret!

Det er ikke så handfast materielt som tidligere jubileer. For det ene er det gamle kirkehus for lengst sunket i grus og borte. For det annet er ikke de verdier kirken står for, slik at de kan måles i kroner og øre eller uttrykkes i de vanlige vendinger om framgang og utvikling. Vurdert etter synspunktet inntekt og fortjeneste, representerer vel gjenstanden for jubileet bare utgifter, belastninger og bekymringer for dem som hadde ansvar.

Den som ikke har sans for andre sider av tilværelsen enn de som er nevnt, vil nok finne grunnlaget for festlighetene nok så magert. — Et byggverk som har vært borte i snart 160 år, er vel ikke mye å lage jubileum for?

Men det er ikke bare det det gjelder. Mer enn selve huset gjelder det de verdier det står for: Budskapet om Frelseren, lys over liv og død, det evige livs håp, påminnelsen om at mennesket lever ikke av bare brød, men at ordet fra Guds munn må lyde inn i hjerter og samfunn om ikke det hele skal bli slavetjeneste.

Det gjelder den dag i dag. — Mangt og mye har endret seg gjennom 300 år. Alle er vel samde om at det betyr fremgang, utvikling, vokster på alle vis. Det er all grunn til å være takknemlig både til Gud og mennesker for det.

Men det er en ting som er seg selv likt alle dager, det vi kaller menneskehjertet, det innerste i oss. Om det skrev den gamle Guds mann: Gud, du har skapt oss til deg, og vårt hjerte er urolig i oss til det finner hvile i deg.

Må også jubileumsfeiringen bli en påminnelse om det!

Lykke til!

Olaf Havdal.

2

Så var det mange år senere. Det skulle være presteskifte, og vi hadde prost Halfdan Wexelsen Freihow som vikar. Da hendte det én søndag at barnedåpen ble en stor opplevelse for meg. Jeg følte liksom at denne handlingen var noe enestående. Det var som om dåpshandlingen den søndagen var noe helt uten sidestykke. Slik kan det vel føles for foreldre når deres førstefødte bæres til dåp. Hvordan det gikk for seg at jeg opplevde det ved denne gudstjenesten, vet jeg ikke. På en måte var jeg blitt barn igjen som min gråhårede venn på første benk. Barnet ser ofte klarere enn den «kloke» voksne hva som er det store. I alle fall kan vi ikke oppleve noe større enn at «Jesus lukker Guds rike opp for oss». Det var dette Jesus så gjerne ville vi alle skulle få del i. Og skulle det hende at vi har forvillet oss ut i det «fremmede landet», så er det slik dikteren sier:

«Det stander en fader ved himmelens port og venter den sønn som har syndet seg bort.»

3

Til slutt noen linjer om hva dåpen — din dåp og min dåp — skulle bety for oss.

Vi ble «tegnet med det hellige kors» tegnet på panne og bryst til vitnesbyrd om at vi skulle tro på den korsfestede og opstandne Jesus Kristus». Hans signatur, hans stempel eller segl ble satt på oss. Vi skulle være hans. Han tar vare på og tar ansvar for sin eiendom. Det er en stor nåde som jeg skylder å love og takke ham for. I Bibelens billedspråk heter det:

«For han har kledd meg i frelsens drakt og svøpt meg i rettferds kappe» (Jesaia 61,1)

Han har tatt all min synd på seg og ved troen står jeg ikledd hans rettferdighet.

Blix har et fyndig vers om bryllupsdrakten som lignelsen taler så alvorlig om:

Framh. s. 10

Tatt ut til å døy

Eg fekk snart vita historia hennar. Ho høyrde til ein stor familie og dei hadde ikkje mat. Den vesle blodskvetten dei tappa av kua, strakk ikkje til alle. Kva skulle dei gjera? Jo, Elema blei tatt ut til å døy sveltedøden. Betre at ei døydde enn at alle i familien skulle døy. Ho hadde lidd mykje vondt. Kom det framande til landsbyen, ropa dei Satan etter henne. Ja, folk i landsbyen ropa og. Når dei såg dei utståande augo hennar, tenkte dei at Satan budde i henne.

Eg trudde ho var i 16 års alderen, men sjølv fortalde ho at ho var 23 år gamal. Ho rekna det ut på gadda-systemet som er periodar på 8 år. Dessutan var alle veninnene hennar gifte og hadde opp til 3 barn. Elema var som alle andre jenter i landsbyen gitt bort til ein mann. «Men korleis kan eg gifta meg? Kan eit skjelett gifta seg?»



MISJONS- SPALTE

JORUNN HAMRE FRA ETIOPIA.
Ho vog 25 kilo

Dagen etter fekk ho kome på vekta. Den viste 25 kilo. Så var det storvask, og hår og neglar blei klypte. Då ho fekk kjole på, smilte ho så dei perlekvite tennene kom til syne. Etter ei veke hadde ho lagt på seg 4 kilo. Berre etter nokre dagar hjalp ho til med å gå med spyttekrus til dei sengeleggjande pasientane. Ho hadde sjølv møtt kjærleik og omsorg, og no måtte ho hjelpa andre.

Ny kjole

Eg hadde ein grøn kjole med svarte perler og den gav eg henne. Aldri hadde ho sett noko så vakkert. Ho strålte. Denne kjolen kan du ha på når du går på møte for å høyre om Jesus, sa eg.

To gonger i veka og på sundagen går ho på møte. Ein laurdag ettermiddag skulle det vere «salg» i kyrkja og eg spurde om ho ville vere med. Ho klappa i hendene av glede. «Så får eg høyre meir om Jesus!» Dei kristne kvinnene på stasjonen syr og broderer, og eit par gonger i året har dei «salg» på tinga dei lagar. Pengene som kjem inn, blir brukt som evangelistløn. På veg til kyrkja spurde ho meg: Ajå (mor) synest du ikkje eg



Glimt frå Løkken Gruver og Svorkmo Smeltehytte

Det var i året 1654 at det vart sett igang skjerping etter malmen på Løkken. Peder Niure og Arent Olufson hadde avstått gruva «formedelst mangel på midler, til Laugmann i Trundhiem og forneme mand Niclas Paulsen och hans arvinger, samt dem, som han til medpartisipanter ville tage».

Det vart seinare eit såkalla «Partisipantskap» som i 1656 tok over gruva. For å drive eit slikt bergverk måtte det sendast søknad om «Privilegier», og dette fikk etter mykje akkordering, innvilga 13. mai 1657. Det viktigaste i desse privilegiane var den rett som Partisipantene hadde når det gjaldt skog- og sagbruksdrift. I eit punkt var det bestemt at ingen annen enn Løkken Kobberverk hadde løyve til å hogge tømmer eller å drive sagbruk for salg. Denne rett hadde

ser ut som eit menneske no? Du veit eg såg ut som eit binensa (dyr). — Jo visst ser du ut som eit menneske. Du er så fin no.

Det lyste opp i dei vakne augo hennar.

gruben i en Radius på 3 gamle mil, med «Gottes Gluck» (Guds Gave) som centrum. Men bergarbeidarane skulle vere fritekne for skattar og i ymse høve også militærtjeneste. Men malmen fra «Gottes Gluck» skulle også smeltast, og oppe på Løkken var dette umuleg for der fans ikkje vatten eller vassdrag. Men ned på Svorkmo var det eit høveleg vassdrag, Svorka, som måtte kunne nyttast i ei smeltehytte.

Dette var eit forhold som det første Partisipantskapet hadde i tankane med ein gong malmgangen var funnen, for alt våren 1656 vart det anlegg med ein hytteplass på Svorkmo. Her måtte det byggast vassdam og vassrenner til turbinane. Det vil her seie vasshjul av tre med skovlar. Det trongst mykje kraft til å drive blåsebelgane.

Da det vart kjent at det skulle byggast smelteverk på Svorkmo, meldte det seg mykje folk, — fagfolk mellom anna frå Kvikne Verk og frå Kongsberg sølvverk, og ikkje så få svenskar.

Det viste seg at resultatet av smeltinga i førstninga ikkje var så bra, folka måtte hauste erfaring for smelting av denne spesielle malmsorten. Dei måtte gjere om blåsebelgane for dei var for små. Dei måtte gjerast større, og hytta måtte komme under tak. Dei nye smelteomnane måtte byggast høgre, opp til 3 meter,

Framh. s. 10

Kyrkja på Schankebakken

Ved føresegner om bergverk i Norge baud Kongen at det skulle byggjast kyrkjer og skular og at det skulle utøvast pleie av dei fattige verksarbeidarane. I førstninga etter at drifta tok til ved smeltehytta var det enno ikkje bygd noko kyrkje her på Svorkmo, men etter folketellingslistene og kyrkjerekneskap frå 1658/63/64 må den fyrste gudstenesta ha vore halde i 1656/57.

Her er det nemnt ein post: Alterviin til Folckerne paa Kaaberwerket. Desse gudstenestene måtte ha vore halde i leigd hus.

I 1675 var så Werkskyrkja reist oppe på Schankebakken.

Denne fyrste «Løckens KAABERS BERG-KIRKE vart vigd av Hr. Clas (Claus Jensson Parelius) f. 1620. Bispnen sjølv kunne ikkje kome da han var «syk og svag».

Denne kyrkja må ha vore ei korskyrkje med høgt pikut tårn.

Her stod ho så i 171 år til ho vart riven ein pinsedag i 1816.

Såvidt ein veit, vart ikkje noko av tømmeret i kyrkja nytta til kyrkja som vart oppattbygt på SMEDHAUGEN. Istaden vart det nytta til å byggja kar frammed Svorka på bae sidor som dei så fylde med stein. Det einaste som ein har att er ei overmåte vakker tavle som no heng over inngangsdøra i Moe kyrkje, og på ho står det:

«Dette er Løckens Kaaberværks Berg-Kirke paa Svorkmoe Hytte Plads som aar 1675 er bleven opbyggt efter at den nu kaldende Løckens Kaaber Grue hvoraf Værket har sit navn 18 år tilforne nemlig. — Ano 1657 er bleven opfunnen. Saa at Werket nu i dette år 1739 er 82 aar gammelt. Samme aar 1739 er denne Kirke igjen av de Herrer Partcipantere Blevn Fornyed med indredning som anden fornøden Reperasjon.

HERRENS NAVN VÆRE LOWED

Som har ladet opdage for os Saa dan Velsignelse af Jorden hvorved en Kirke er bleven bygd, og en menighet samlet til Guds Ære. Gud fremdeles give Velsignelse og opholde sit Ord paa dette sted indtil Werdens Ende.

Anno 1739».

Kyrkja på Smedhaugen. Moe kyrkje (Orkland)

Etter at kyrkja vart riven under storflaumen i Svorka 1. pinsedag i 1816, vart ho bygd oppatt på Smedhaugen. No vart ho bygd 8-kanta, omtrent likt med kyrkja i Buvika. Ho hadde 2 klokker, den eine mykje større enn den andre. Det er sagt at den eine av klokkene sprakk avdi at votten til ringaren, ein vinterdag, kom mellom klokka og kolven. Det er og elles nemnt at det var noko vanskeleg å ringa bra med desse 2 store ulike klokkene, det var vant å få dei i takt. Den litle laut ha så stor sleng at kolven sto beint opp for kvar sving, og da hende det sumtid at ho slong over. Men ein øvd ringar greidde det fint.

Enno i den tida fanst det mykje gråbein her i traktene og, og det er sagt at når han yla utpå Staviåsen kunne folk på Talleråsa høyre kor ylinga ga klang i kyrkjeklokkene bortpå Smedhauga.

Prestar i Smedhaugkyrkja var: Just Wiide Coldevin frå 1816 - 25. Jonas Frost 1825 - 45 og Gamall Bull frå 1845.

Det var framleis Løkken Kobberverk som eigde kyrkja, dette alt fram til 1844 da drifta ved smeltehytta vart nedlagt.

Den 13. august i 1844 var det lyst til møte i Svorkmo Capel, der de omkringbuende var tilsagt å møte, om de ville være villig til å overta kyrkja og utføre de reparasjoner som til kvar tid trongs. Ein kan sjå at 26 mann skreiv under på det møtet om dei tok

Framh. s.10

Smedhaugkyrkja tok til å verta for lita, og det vart snart snakk mann og mann imellom at ho skulle vore flytta til ein høvelegare stad og saka vart drøfta i Orkdal heradstyre fleire gonger. Eigarane selde ho til kommunen for 417 spd. 2 ort og 12 skilling.

Det vart ein hard kamp mellom Svorkbygd og Moe om ein passende ny kyrkjestad. Det er moeleg at det vog tungt i vektskåla at eigarane av Moe ved gavebrev av 30. september 1865 gav fri grunn til ei ny kyrkje og gravplass, målt opp til 4 mål og vegomlegginga i 1865.

Så vart det Moe som vann ved røystinga i heradstyret.

Nykyrkja vart bygd som korskyrkje og byggmeister var underoffiser OLE FREDRIKSEN RØMMESMO. Det var same mannen som førde opp husa på Orkdal prestegard i 1856, som enno står.

Moe kyrkje vart bygd i 1865/67.

Ein vil sjå at det berre er korset som er nytta av Smedhaugkyrkja, og av inventaret er det ein forgylt kalk og disk. Truleg er det vel frå Smedhaugkyrkja at klokkene er og. Storklokka vart oppskåren i den smellen ho fikk av vätten i 1849. Ho vart noko grovare i klangen etter ho vart børt.

Moe kyrkje vart vigd mellom jul og nyttår i 1867, og her var det mange prestar som møtte. Det var Holtermann frå Oppdal, Schabe frå Renne-

Framh. s. 10.



SMEDHAUGEN ØVST TIL VENSTRE.



Klokkarar ved kyrkjene på Schankebakken, Smedhaugen og Moe

Til midten av det 16. hundreåret var det ikkje klokkarar ved dei ymse kyrkjene i bispedømet, men ved den tida kom det påbod om at kvar kyrkje skulle ha ein hjelpesmann for presten, og denne mannen vart så kalla «Klokkar».

Det var og vanleg at denne mannen skulle ha ein gard av ein viss storleik, og attåt skulle klokkaren ha rett til å få eit offer på dei 3 store høgtider — Jul, Påske og Pinse. Desse ofra vart og kalla for «tavlepenngar». Dei kunne og ha klokkartoll.

Det er vanskeleg, ja mest umoleg å få greie på alle dei som har vore klokkara ved dei 3 kyrkjene, og vi er stor takk skuldige til dr. Yngvar Kjelstrup i Oslo, som har hjelpt til å granska kjeldene i Riksarkivet.

1. Den fyrste klokkar vi har namn på er *Simen Peitersen* som var klokkar og skulemeister ved Løcken Kaaberverkis Biergkirke i 1682.
2. *Jens Lorentzen* 1682/84.
3. *Erik Nielsen Loe* fra 1684/1700. Her nevner Kjelstrup også den mulighet at han kunne ha vore klokkar ved Grutsæter kyrkje. Han nemner at nevnte klokkar gravla 4 barn på Werkskierkegården — altså firlinger: Kristen, Magnhild, Kiersten og Debora, og de var f. i tida 4. - 8. jan. i 1698.
4. *Jens Christophersen* fra 1700.
5. *John Bøxboe* til 1723.
6. ?
7. *Hans Mentzonius* fra 1723 - 1757.
8. *Ulrich Tostrup* fra 1760 - 1776.
9. *Søren Dahl* fra 1776 - 1781.
10. *Sivert Skjølberg* frå 1803.
11. *Arnt Knutsen Boksbu* var klokkar i 1815.
12. *Petter Jørnson Svorkmo* klokkar frå ? til 1843.
13. *Hans Christophersen Wessel* frå ca. 1820 til 1844.
14. *Martin Sivertsen* frå 1845 til 1856.
15. ? Veit ikkje namn.
16. *Amund Ingebrigtsen Fossum* f. 6/11 1836, død 15/9 1879. Klokkar frå 1857 til 1879.
17. *Rasmus B. Nyhus* f. 24/7 -1844, døydde 27/11 1901. Tilsett som

klokkar ved Moe'skyrkja 17/11 - 1879.

Denne klokkarstillinga søkte også K. M. Elda, men vart vraka av biskop Laache fordi han var målmann. Nyhus tok avskil desb. 1887.

18. *Ole Olsen Kvam* f. 1. desb. 1839, d. 1908. Han var klokkar frå 1888? til 1908. Han var elles skulelærer på Brattli.
19. *Petter Husby* f. 25/12 1873, klokkar frå 1910 til 1934. Han var og lærar ved Brattli skule.
20. *Torleiv Hummelvoll* f. 10/8 1905. Han var lærar i Brattli skule og vart tilsett som klokkar frå 1934 til 1943.
21. *Marius Vormdal* f. 2/4 1895, lærar ved Brattli, klokkar frå 1943 til 1947.
22. *Sigurd Kvaale*, f. 14/8 1903, lærar ved Hoston skule, klokkar frå 1947 til 1963.
23. *Jens Indergård*, f. 6/8 1911, bonde, tilsett som klokkar frå 1963/64, og han er framleis klokkar — —.

Som eg nemnde før hadde klokkarane både klokkargard og tavlepenngar, men i midten av førre hundreåret vart det slutt med dette, da dei fekk ei fast årleg godtgjersle, løna av kommunen.

Tilfange til mykje av det som vedkjem mange av klokkarane har eg fått av dr. Yngvar Kjelstrup, Oslo, dr. teol. Skronnal og K. M. Elda. Utan desse kjeldene har det ikkje vore mogeleg å arbeide ut denne klokkarlista.

Knut Liøkelsøy.

Bilda viser klokkarane i rekkefølga 16 - 23.

Kjerkejubileet

Lat meg få sende ei lita helsing til dette jubileet. Eg sat i klokkarstolen i Moskjerka i åra 1947 - 1962. Første delen av denne tida var det vedfyring i kjerka, og det var ikkje alltid så god temperatur inne i det store rommet når det var 20 - 25 minusgrader ute, som det somtid var da. Dei store vedomnane var utbrente, og det mona så lite om Bernt Groven «gav dei inn»

Framh. s. 11

Avgrunn eller himmelbro

Undertegnede har fått og kan få lettere frysninger når jeg av og til passerer det øverste av Skjølbergslia. Hvorfor?

Med flunkende ny bil i 1968 møtte jeg på toppen av bakkene et kjøretøy. Veien var smal, og jeg måtte temmelig langt ut på kanten der brattbakken er som verst mot bekkefaret langt nede. En veikant som hadde gitt etter, en utforvelt i det terrenget kunne ha betydd slutten.

Ferden langs livets landevei med all dens trafikkrisiko — der må vi alle være med. Der er ikke snakk om kollisjon eller utforkjøring i bokstavelig forstand. Men så lett er det å bli innviklet i alskens problemer og konflikter fordi vi ofte er i kollisjonskurs eller glir ut på sviktende grunn.

Av og til kan det bunne i tankeløs kynisme. Noen tenker som så: Det får være det samme med de andre når jeg bare selv kommer meg frem eller oppnår mitt. I åndelig og sosial sammenheng fins det idag en trafikkrisiko som ikke kan bagateliseres. Så mange meninger og oppfatninger foreligger. Så mye organisert egoisme er underveis. Så mange åndskrefter er mobilisert der alt dreier seg om meg og mitt, om oss og vårt, vår gruppe og våre interesser. Her er overhengende fare for krasj, kanskje katastrofe, både på lokalplan og i verdensmålestokk.

En helt annen situasjon står også for meg i erindringen: Like før vår øvreise fra Orkdal i 1972 rakk vi så vidt å få gjort en tur til Hitra og Frøya. På tilbaketuren, ved Hitra kirke, opplevet vi en regnbue på sitt beste og mest fantastiske. Av og til gjenoppfriskes den ved lysbildeapparatet. Spesielt kirkegården med regnbuen taler sitt stille språk.

For oss alle ender det før eller siden der, blant «tusen forglemte graver». Vi blir til sist uungælig tapere i livets trafikk og travelhet. Spørsmålet er: Blir det for oss utforvelt, sammenbrudd, undergang? Eller blir det inn- og overgang langs evighetens regnbuebro til det fullkomne Guds rike? Alt avhenger av troen og bøn- nen som gjensvar på evangeliets gave, — at nådens og frelsens brospenn over alle avgrunner blir virkelighet, — at vi lærer å ferdes der — på bønnens himmelstige!

Alt hva der lever på jorden skal love Herren så liflig som fuglen i skove; Veien og livet i Kristus er funnet, Dødens og djevelens makt overvunnet!

Alle som tror, gjør han miskunn og nåde, Trøster og hjelper i sværeste våde, Trofast i alle de evighets dage Efter sitt ord som kan aldri bedrage.

L. rev. 22.

EINAR KOREN.

Dersom vi elsker hverandre

Menneskemaskinen, den oppfinnelsen som kalles robot, er vår tids frambringelse. Meget kan denne robot utføre med den største nøyaktighet og mer fullkomment blir den nok utviklet. Men den er et uhyggelig produkt, for den mangler hjerte.

En menneskemaskin uten hjerte er kald og hard. Levende mennesker av kjøtt og blod som er hjerteløse er det uhyggeligste som kan tenkes.

Dessverre kan slike hjerteløse mennesker ikke bare tenkes, de

tilhører vår verden, og de blir stadig flere. De skapte krigen, og krigen igjen skapte flere. Og nå holder verden på å gå til grunne av mangel på kjærlighet menneskene imellom.

Alle de foraktede og utstøtte som hungret etter kjærlighet, flokket seg om Jesus, da han vandret her på jorden. I dag åpenbares Guds kjærlighet gjennom Jesu etterfølger. Bare ved at Jesu disipler lar seg drive av Jesu kjærlighet og viser hjertelag mot hverandre og mot alle, bare på den måten kan verden se Gud.

Verden trenger mennesker med hjerte, med et varmt hjerte

Framh. s. 11



300 ÅR ETTER

Tankar frå konfirmantane i Orkland 1975

DÅP

Det er bra at vi blir døpt, for da kjem vi til Gud.

Eg trur at ved dåpen blir ein tatt imot av Gud og blir med i den kristne kyrkja.

Eit lite barn må ha like mye lov til å bli eit Guds barn som ein vaksen.

Dåpen kunne vore halden når ein er vaksen. Så ein kunne sjøl bestemme om ein ville bli døpt eller ikkje. Dersom ein blir døpt når ein er liten, er det foreldra som bestemmer det. Det kan hende dei gjer det for tradisjonen si skuld også.

Eg trur at barnedåpen er unødendig, fordi ein kan bli døpt som vaksen dersom ein ønsker det. Dessutan har eg ikkje funne noe om barnedåp i Bibelen, berre om vaksendåp og Den Heilage Andes dåp.

GUD

Gud er framand for meg. Eg les i Bibelen, ber, og går somme gonger i kyrkja, men likevel får eg ikkje noko kontakt, eller blir viss på at han er til.

Eg tenker på at Gud er Frelsar, og at han prøver å hjelpe både dei som har det vondt og dei som har det godt. Han vil at alle saman skal kome i hans rike.

Eg tenkjer at Gud har skapt heile verda — alle mennesker og dyr. Gud skal vise oss den rette vegen å gå, fri oss frå syndene og velsigne oss.

Mange gonger tviler eg på at Gud er til, for det går jo ikke an å leve oppe i himmelen der det berre er luft. Men eg trur også somme tider at han er til.

Gud hjelper oss, og er Frelsaren vår. Han hjelper dei som har det vondt, også dei som har gjort mykje synd. Han vil hjelpe oss så vi ikkje gjer noko gale, og forlet oss om vi bed om tilgjeving.

KYRKJA

Kyrkja er eit hus der ein får høyre om Gud. Ein får høyre mykje godt. Og bli kjent med Bibelen.

Mykje i kyrkja er for stivt for dei unge.

Gamle, einsformige salmar, og alt for mykje preiking som går oss beint forbi. Går det ikkje an å mjuke opp gudstenesta litt så ho blir meir interessant.

Det er i kyrkja ein får høyre om Gud. Der blir ein døpt og frelst. Der skal ein høyre og ta imot Guds ord.

KRISTEN

Det å vere kristen er å høyre Jesus til, halde boda, og ikkje gjere noko gale. Mykje av det som dei ikkje kristne gjer er synd, så eg tykkjer at ein sjølv skal få bestemme kva som er synd, og følge etter det.

Det er bra å vere kristen når ein vert så gamal at ein kan bestemme seg, og vere sikker på at ein verkeleg vil bli ein kristen og vere det resten av livet.

Dei kristne skiller seg alltid ut frå dei som ikkje er kristne. Kristne har ikkje dei same reglane. Dei som ikkje er kristne gjer så mykje synd, t.d. dansar og går på fest. Dei går ikkje så mykje i kyrkja. Kvifor kan ikkje dei som er kristne gå ut meir? Det kan da vel ikkje vere noko synd å danse osv. Ein kan da vel vere kristen for det.

NATTVERDEN

Nattverden er for dei som er kristne, og dei som blir kristne. Men eg trur at mange ikkje tør å gå til nattverd når dei ikkje har gjort det før.

Nattverd er berre for dei som er kristne.

Eg vil helst ikkje gå til nattverd, nattverden inneheld mykje som eg synest er unødvendig. Eg skjønner ikkje meininga med nattverden.

Dersom ein vil vere kristen, må ein gå til nattverd.

Dersom ein vil vere kristen, bør ein gå til nattverd.

SYND

Synd forstår eg meg ikkje på. Vi får jo høre at alt er synd. Er det verkeleg det, eller er det noko menneska har funne på? Er alle syndige og forferdelege? Må det vere slik?

Nei, eg trur ikkje det i alle fall. Då hadde det vorte uthaldeleg å leve.

Å synde tykkjer eg er dumt, men det går jo ikkje an å leve utan å synde.

Eg tenkjer på synd kvar gong eg gjer noko gale, og kvar gong eg høyrer noen har vore borti det og det, og har gjort det. Da veit eg med meg sjølv at dei har gjort synd mot Gud.

Synd er noe vi alle gjør uten å vite det. Men det er mye vi gjør som vi vet er galt. Hvis vi erter et medmenneske, vet vi at det er noe vi ikke skal gjøre. Synd er alt som Gud vil vi ikke skal gjøre, og som kan føre oss bort fra Ham.

Når vi synder gjør vi en urett for Gud, vi bør ikke spotte Gud.

DEI TI BOD

Eg synest det er lite vits i å ha ti bod. Det er mest ingen som greier å halde dei som det er skrive. Dei kristne kan da ikkje eingong greie å halde dei. F.eks: Du skal ikkje lyge, eller stele. Alle menneske har da sagt noko som dei ikkje skulle ha sagt, eller det er da alle som har lurt seg til å ta eit brød eller eit eple i eit skåp eingong.

Dei 10 boda er noko ein skal halde seg etter, men det er nesten ingen som held dei. Det bodet som lyder slik: Du skal ikkje lyge, er det alle mennesker som ikkje klarer halde.

Det er bra at vi har 10 bod, for alt som står der er sant.

KRIG

Krig er det verste eg tenkjer på. Eg tenkjer at Gud er den som skal kome på jorda og gjere alt godt. Men det gjer han da ikkje dersom det blir krig. Han vil da ha alle folka som sine, men det blir dei da ikkje dersom dei lagar krig og uro.

Krig er det dummaste som er funne opp. Eg forstår rett og slett ikkje kvifor dei må krige. Alle landa blander seg inn i problema til kvarandre. Kvifor ikkje teie stille i staden? Kvifor kan ikkje Gud som har så stor makt kome på jorda å gjera alt godt?

Det er alt for mykje krig rundt ikring i verda, berre på grunn av bagatellar. Går det ikkje an å diskutere i staden for å slåss? Stopp krigen og få fred! Det er så mange viktige ting som treng tida vår.

KYRKJA MI

Kyrkja mi ligg millom snøtindar kvite med rutor i rader rundt langskip og kor Eit storfagert tempel! — det er ikkje lite — med takkvelv av himlar mot sør og mot nord. Der altaren reiser seg høg imot kvelven og nordljuset blakrar som altareld klår. Kvar ovsyndar stor kjenner høgvyrdnadsskjelven når han gjenom skipet mot altaren går.

Når andre på krossvegen nede i dalen seg leitar til gudshus av mannakløkt bygt, eg leitar meg fram over vidda mot salen og knelar i tru for min heilagdom trygt. Her står ingen dogmeprest sjølvtrygg på stolen og messar ned Jave til mannamiljø. Din velduge prest står i Sinaikjolen og aldri for likemenns hogg treng han blø...

Høgtid har helga mi høgbygde kyrkje frå grunnen til byggverket skaparen la. Hit går eg til messe frå tyngjande yrke når livet mi livsglede grådigt vil ta. Går andre til møtes med han som dei liten i mannaverkstempel vil kryle ihop, eg knelar her-inne der inga forsliten ordfrase kan døyve eit lengselsfullt rop...

Eg ynkar dei småskorne sjeler i dalen som aldri mot koren i kyrkja mi ser. Når presten min messar med stormrøyst i salen i høgvyrdnad ligg eg der liten og ber. Den Gud som han tolkar i ordlause talar

si allmaktshand rettar imot meg og kved: «Her er eg! — For stor for dei tronge portalar der mugen i trongsyn vil male meg ned.

Stig inn til mi glede bak blåhøge tindar! Sky templet der prestar hogg prestar i kne! Når stordomens herrehøgd auge ditt blindar då fyrst du i audmjuke bøygjer deg ned. Dei kjepphøge krypa i templet i dalen som kryler i fangeluft jamhøgt med Gud trong høyre ei messe i høgheimsportalen så hovmod og trongsyn og sjela brann ut.»

I ordlause messor ein allmechtig herskar i skaparverk fagre sin stordom meg ter. I solsyn og stormsyn mi tru veks seg sterkar så vonklårt hans andlet eg redslelaust ser. I staden for domarkvast åsyn eg skimtar ein kjærleiksvarm smil attom skytette slør. Det vermer som blenkjande solskireglimitar eit hjarte som iskaldt i dogmefrost dør.

Min Gud er for stor, han, til kyrkja dernede i dalen der mugen har fengsla sin helt. Her inne i fjellkyrkja har eg den glede å møte min skapar sin stordom i felt. Mi von byggjer tårn over blåhøge salen dit jordbundne augnekast aldri vann nå — —. Om storstorm i ofse riv tempelet i dalen skal kyrkja mi tårnhøg i råsone stå — —.

Olav Nyhus

Sjå s. 11 og 13

Krig er noko som følgjer med at vi bor i ei vond verd. Det er mennesker som slåss og er ueinige. Dei drep og sårar kvarandre. Dei bryr seg ikkje noko om medmenneska, og tenkjer ikkje på at alle er mennesker og er like mykje verdte.

RIK OG FATTIG

Eg tenkjer at dei som er friske kan vere glade for at dei har nok mat.

Eg synest vi skal hjelpe dei som svelt og er sjuke.

Vi skal ta oss av dei og hjelpe dei så godt vi kan, med både mat og klær.

Det er urettferdig at det skal vere så stor forskjell på rike og fattige. Dei som er rike kan vel gje noko til dei som er fattige. Dei som er i u-landa har det ikkje noko særleg bra. Det er mykje krig og svolt. Det er dei

som har mange pengar som gjer at det blir slik. Dei som er rike hjelper dei med våpen og slikt også, det gjer ikkje situasjonen bedre.

SKOLEN

Skolen er eit slit, det skulle ikkje ha vore meir enn 8 år tvungen skole, så det niande året hadde vore frivillig. Da hadde det ikkje blitt så mange hærverk på skolane. Det blir slik at ein tar lærarane som noen slavedrivarar. Men det er da noko godt å fortelje om skolen og, skal ein ha ei bra utdanning, må ein gå skolar.

Skolen er da bra å ha for dei som skal ha seg ei utdanning. Men tenk på dei som ikkje gidder å gå på skolen, det var mykje likare at dei fekk sleppe skolen. Enn dei som bor i fattige land, dei kan ikkje få lære seg lese og skrive. Det var mykje likare

at dei hadde fått gå på skolen, enn dei som går på skolen og gidder ikkje gjere nokon ting.

UNGDOMSMILJØET

Ungdomsmiljøet i Orkdal er ganske bra, men det er for mykje festar og drikking. Dersom det hadde vore mykje mindre drikking og øydeleggingar på festane hadde det vore bedre. Det er mykje som er bra også altså. Det er mange ting å vere med på i fritida. Så eg slepp å gå og ikkje vite kva eg skal ta meg til.

Det er alt for lite fritidstiltak, og derfor blir mange gåande å slenge. Det er vanskeleg å vere ung i dag. Kameratane krev ein ting, og foreldra ein annan. Kven skal vi da høyre på? Kan vi ikkje få vere fri, og vere oss sjølve, utan at nokon annan skal blande seg inn i livet vårt.

Ungdomsmiljøet i Orkdal er bra slik som det er, men det skulle ha vore meir ungdomsklubbar utover bygdene (Monset, Solbu, og såne plassar), slik som på Fannrem. Der har dei ungdomsklubbar mange gonger i veka. Eg tykkjer det blir for langt for dei som har mange mil å reise.

Ungdomsmiljøet i Orkdal tenkjer eg er bra. Men noko brotsverk og andre former for hærverk skjer meir eller mindre i alle land og statar. Ein ting er heilt klart med ungdommen i Orkdal, dei brukar ikkje narkotika eller andre slike midler. I alle fall så har ikkje eg høyrte noko om det enda eg har budd midt i Orkdalen i 15 år. Når det gjeld røyking, så er det vel likeins som med dei andre ungdomane, tenkjer eg. Men eg er ikkje sikker, heldigvis. Elles har eg ikkje meir å seie om ungdommen enn at dei er veldig greie, i alle fall dei fleste.

DEI VAKSNE

Dei vaksne er veldig greie, men av og til forstår dei ikkje oss unge. Dei vil oppdra barna sine til å bli ordentlege mennesker. Dersom vi gjer noe som dei ikkje likar, kan dei nok nokre gonger bli sinte. Men for det meste er dei snille, dei fleste i alle fall.

Dei vaksne har visst ein bestemmelsesrett, ser det ut til. Og den nyttar dei i alle høve sterkt. T.d. på skolen. Der er lærarane eineveldige diktatorar. Dersom nokon protesterer mot at det er så mykje lekser eller slikt, får dei refs og blir stempla som «umogelege». Men det finst da nokre unntak av dei vaksne også, heldigvis, enda dei er få.

Dei vaksne er av og til veldig greie og snille, men dei kan og vere sure og sinte. Dei vaksne vil som regel lære barna sine folkeskikk og slike ting heilt frå dei er små. Mens andre lærer dei opp til det som er gale, så på vaksne er det nok stor forskjell. Eg tenkjer at dei vaksne er verre enn dei vi kallar barn og ungdom.

Somme av dei vaksne er veldig greie, men det er noen som ikkje forstår seg på ungdomen.

SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Dåpen — min dåp — —

Framhald frå s. 3.

«Det brudlaups skrud som gjeld for Gud må Jesus Krist oss gjeva; hans rettferd må ved tru me få skal Gud me sjå og for hans åsyn leva.»

(R.L. 597,5)

Men så kommer det dager da den trygge barnlige tro bli anfektet, d.v.s. vi kommer i «åndeleg strid og freistning», som det heter på forståelig norsk. Vi fristes til å tvile på at Gud vil ha noe å gjøre med arme syndige mennesker. Jo, kanskje det er råd for andre, men ikke for meg arme synder. Visste du hva Martin Luther sa til seg selv i slike stunder? «Martin, baptizatus es!» «Martin du er døpt!» og så nevnte han dåpsdatoen for seg selv og for sjelefienden. Fremdeles er du under korsmerket. Han som ga løftet ved dåpen, han våker over sitt ord. Han står ved det. Han kjennes ved sin eiendom. Bare du og jeg ikke snur ryggen til og går våre egne veier, slik den yngste sønnen gjorde. Men veien tilbake til faderhuset står alltid åpen og Faderen tar enda imot med åpen favn dem som vender heim.

«Du til di grein meg sette/alt i min første vår,/med livsens dogg meg vøtte (i dåpen)/gav sol og signa år.»

Men hva med voksteren? Fikk Gud gi deg den som han ville?

agn

Glimt fra Løkken Gruver og Svorkmo Smeltehytte

Framh. frå s. 4

slik at det kunne bli smelta 8 til 9 tønner malm i skiftet mot før 6 tønner. Vidare vart Svorkadammen bygd høgre for å skaffe større fall til rennene. Det tok nok ein del tid før dei kom skikkeleg i drift, — dei greidde ikkje meir enn 400 skippund årleg før 1664. Smått om senn tok da Svorkmo Smeltehytte form, og slik var i drift i vekslende tider gjennom århundrer til elden slokna i smeltnane for godt i året 1844.

Ein stor og rik tidbolck i bygdas historie var avslutta.

Hittil hadde Svorkmo vore bygdas kulturelle og økonomiske sentrum gjennom eit par hundre-år.

Berre den gamle kyrkjegarden står att som eit minne, og vitner om livets forgjengelighet, — om «Hvad fædrene har kjempet, mødrene har grædt».

Knut Liøkelsøy.

Kyrkja på Smedhaugen - -

Framh. frå s. 5

over kyrkja, og seinare skreiv noko over 50 mann under på at dei var ansvarleg for kyrkja. Dei som slik vart dei nye eigarar av kyrkja hadde sine faste plasser i stolane, og kvar dei skulle sitja vart avgjort på eit møte i Ole Jacobsen Skjølberg's hus der det vart kasta lodd om kyrkjestolane. Men det vart og nokre stolar tilovers og desse vart bortleigd for 5 år, og leiga var millom 1 og 2 spd. «Plassingane» hadde kvar sin stol i kyrkja, og det hende at Plasskjerringane vart vonde og læste att stoldøra for «bygdarane», så dei måtte stå i gangen og lyde til messa.

«Plassingane» og «Bygdarane» samdest ikkje godt alle tider.

Her på Smedhaugen stod så Verkskyrkja i 50 år til 1867.

O. T. Hongslo fortalde at den siste som vart gravlagt her var ein som heitte Guttorm frå Løftamoen. Han hadde vore straffange 2 gonger. —

Moe kyrkje (Orkland)

Framh. frå s. 5.

bu, Prost Rambeck frå Meldal, Bødtker frå Støren, Bull frå Orkdal, Kapl. Staalsen frå Melhus og Bisp Grime-lund.

Prestane tok inn i ei lita husmannsstugu på «Ekserplassen» og gjekk så i prosesjon til kyrkja. Prestane slengte farkord åt kvarandre på veg til kyrkja seiest det, — somme var for fine. Bispen ba dei halde fred og sa: «No går me til kyrkja i Jesu navn». Det er sagt at det var så overhendig mykje folk med kyrkja på vigsledagen, — ja det er nemt tal på 2 tusen, — dei kom i allfall ikkje inn alle, det er sikkert, for såvidt eg veit så rommer ho berre 4 - 5 hundre.

Gjennom 3 hundre år har desse 3

Orda dine

Orda dine kan vera stygge våpen
Dei kan ta motet frå eit medmenneske.
Dei kan rispe heilt inn til beinet.
Dei kan laga ei sårflate
som vanskeleg vil gro.
Dei kan riva kledda av så eit menneske
står der naken og verjeløst.
Dei kan leggja steinar til byrda
som frå før
har tvinga ein stakkar i kne.
Dei kan hagla ned over den
som har hamna i grøfta.
Dei kan ta æra frå eit menneske
og laga ein vond karikatur.
Og dei vonde orda
kan smaka deg søtt.

Men orda dine kan gi
eit medmenneske mot.
Orda dine kan lækja sår.
Orda dine kan verna og verja.
Orda dine kan bli ei kappe
som gir varme mot kalde vindkast.
Orda dine kan få eit
knuga menneske til å
reisa seg og gå vegen vidare.
Orda dine kan nå ned i vegggrøfta
og bera bod ovanfrå.
Orda dine kan nå den einsame, —
du er saman med han på vegen.
Det er ei gåve frå Gud
at du kan forma ord.

Ottar Hylmo.

kyrkjene stått der og kalla med sine klokker på gamal og ung, — ved høg-messer, barnedåp, vigsle og på deira siste ferd til den siste kvilen. Fred med alle dei som kviler under torva —. Og fred med oss som er igjen.

Kjerkejubileet —

Framh. frå s. 6

så dei sto der å dirra og glødde mot oss. Det var ikkje vandt å sjå presten gnei hendene framme ved altaret, og korleis organisten fekk fingrane til å gli ledig og lett over tangentane, skjønar eg ikkje, — men han sat så høgt over oss andre at han fekk vel brorparten av varmen. Det gamle orglet var heller ikkje nøgd, og det brumma sin falske protest ut over dei som sat nedi kjerka.

Men Ordet, både det skrivne og det levande, varma slik at ingen angra på turen til kjerka. — Men elles var det gode dagar i Moskjerka på alle vis. Det var mang ei gripande stund, mange høgtidsame kjerkedagar. Eg minnest denne tida med glede og takk og tenkjer i denne samanhengen på prestane Anders Skrondal, Trygve Leergaard, Olav Olsen, Jostein Hatlebrekke og Einar Koren, og kjerketenarane Martin Moe, Ola Eggen, Anders Lie, Kristian Fagerli, Ivar Ljøkjel og Bernt Groven, og organisten Lars Kvikne. Og fru Anne Groven må nemnast. Der tok dei inn med dåpsbarna før det vart rom til dette ved kjerka, og ved gravferder eller ved andre høve. Der var det rikeleg med god, varm kaffe — og hjartevarme! Ære og takk til alle for ven-skap, for det dei kravde, og det dei gav!

Må kjerka alltid stå i vår tanke «på et høyt sted» og me gå vegen dit - til styrke, frelse og fred!

«Der sukket vår far med glødende barn når klokken rørte sin stemme. Der felte vår mor en tåre varm, som ei hennes sønner skal glemme.

Enn kvedes der søtt ved dets alter i kor til pris for Gud Faders enbårne. Enn risler den kilde, enn dekkes det bord, enn kimes det mildt ifra tårne.»

Sigurd Kvaale.

Dersom vi elsker hverandre

Framh. frå s. 7

for andres nød. Du møter kanskje idag en som er blitt bitter, en som tror at kjærlighetens blomst er død i verdens kulde. Vis ham at Gud er kjærlighet. Vis det i vennlighet, i hjelpsomhet, i omsorg for hans evige sjel. Resultatet blir en dobbelt velsignelse. Begge blir velsignet og Guds kjærlighet vil tilta i ditt eget hjerte og gjøre deg rikere og gladere.

«Ingen har noensinne sett Gud. Dersom vi elsker hverandre, blir Gud i oss, og kjærligheten til ham er blitt fullkommen i oss».

1. Johs. 4, 12.

Jens Indergård.

Sit nede på Hundorp og skriv dette om sin barndoms dal.

Heimbygda

Gjævar er du enn alle fleire
fagre dalar og bygdelag.

I minne skin du som lune reiret
hjá fugl på vidotta villt i jag.
Du barndoms dal er eit stykke soge
frå fedrars ferder og arbeidsstrid.
Og soga dottar av Tambeboege
og kongars krigstog har tvinna i.

Eg skimtar elva som fram seg buktar
frå Dovreviddom til fjorden ut,
i flauenen vill og ein fårleg tuktar,
men jamnast stø som ein trøndergut.
I øtt med folket! — ho er eit auga
som speglar blåbleike himlar av.
I ekse er ho i villskap lauga
så alt som begja ho, etter gav.

I dalabotnen og oppi lidom
ligg fagre heimar i hundradvis.
Dei grodde fram der på bae sidom,
og slit og sveitte var vanleg pris. —
Men kvar ein drope som draup i fura
der rudningsplogen med mas og slit
igjennom skogsnar og leirlag skura
det vart ein bokstav i namnet ditt.

Du såg det ljøset for fyrste gongen
og undrast storøygd kva dette var.
Der fanga øyre mitt fyrste songen
som sølt i draumeland inn meg bar.
Der livna vetet og kjenslor vakna
og lukkesola imot meg skein.
Det fyrste kaldgufs av livsens sagnad
for livet der meg og gav sitt mein.

Ein sum av alt det som inn seg brende
eg alltid med meg i barmen bær.
Som sår eg stundom den arven kjende,
men oftast berre som ømme ær.
Den kjenslearven eg aldri gløymde
det vart min kjæraste skatt på jord,
ein heilagdom som eg truge gøymde
kvarhelst på vidotta rundt eg for.
Der heime øtta mi enno makslar
med mangt og mykje for dalen sin.
Og bygda byrg seg av øtta akslar
for det som øttlaust i bygda grin.
Det heimelause som inn seg snikete
her endevendingsrett aldri fekk.
Men om det begdest som bygda likte
ho smilte mot det, - og vel det gjekk.
No ligg ho tilsådd og dyrka, bygda
og strå og blommar så herleg gror.
Om ugras freista å tyne dygda
det kvomna jamt i så grønnem jord.
Her hug og hjarte seg kjenner fege.
Dit trå og tanke så tidt tek vegen
i von at der eg min gravsong fær.
OLAV NYHUS



Anders P. Kvaale og bispen

Vi gjengir prologen han Anders las ved vigslinga av Eysteinkyrkja. «Den største stunda i mitt liv», seier Anders P. Kvaale. Og han har hatt mange store stunder. Vi gjengir også eit bilde frå den høgtida, han Anders og Hamarbispen Alex Johnson. Vi har med dette, både prologen og bildet, i 300 års jubileumsbladet for Verkskyrkja fordi det etter vårt syn både direkte og symbolsk fortel mye om viktige sider ved trøndsk kristenforståing. Så får kvar tolke det dei vil utav det.

Ja tenk, frå denne villmarks ur grodde rotfast rik kultur. Her gjekk frå denne villmark bud frå kyrkjehuset opp mot Gud. Her var bøn og messesong — skriftemål og altargong. Kyrkjearnet høgt mot sky gjorde folkesjela ny.

Til desse høge tempelsalar kom ferdafolk frå fjell og dalar. Ja hit — det var så godt å ty til fred og kvile — nattely.

Og lytt til fotsteg gjennom omen frå pilgrimstog til Nidardomen. Sut og sott i deira spor går mot gamle Nidaros, — til kjerteljos på altarinnet, til bøn og bot ved Olavsskrinet

Og her, — i høge tempelsalar — Hjallarhornet på oss kallar, kallar gjennom viddas sus i toppar — tindar — skogens brus. Kallar oss til dag og dåd — me frå bygd og dal og våg. Øysteins gamle kyrkjehus blir no atterreist or grus. Men her trengst vilje til eit tak — her trengst eld og hjartelag — skal fedres ånd i framtidens dag bli eit livsfriskt hjarteslag. Ho skal peike mot det blå — seie kvar me kom ifrå — syne vegen me skal gå — lære oss kong Øysteins styrke med å byggje fjellets kyrkje.

Ho skal stå som tempelvakt her i Dovres høgfjellsprakt. Vitne om — så langt her nord — at Guds kyrkje er den heile jord. Minne oss ved høgfjells fest at me er Guds tempelgjest. Her er vidde for Guds ord. Her er og hans blandakor.

PROLOG til Dovrefjellsstemna 1968

Alt gjevt av norsk folkerot ein kan nemne eg her ser samla til Dovrestemne. For dette stemne eg her, som tolk, ei velkomsthelsing ber fram, godt folk, til dei frå sørom og nordom fjellet, som sit her benka i bakkehellet. Eg helsar dykk alle — kvinner og menn tillike — velkomen til den mektige Dovrekonges rike.

Me alle rann vel or denne grunnen, og same målet renn oss or munnen. Me alle — kvinne så vel som mann — har vigd vårt strev til dette land.

Og Dovre kling så sterket og gildt! Ein soldag stryk du modernildt. Og susen i din eigen fann den kviskrar alltid sterkt ditt namn. Det ropar og frå desse fjell: «Ver einig, tru til Dovre fell!»

Og fram for synet vårt stig no dei gamle fjell i godversmo. I soldag klår dei smiler hjart — ein uversdag det blir litt hardt. Men alltid står dei like traust, så sterke — friske — vår som haust. Med open fann i kveldssol glo med dette harde — seige — gamle to.

Ja, her på desse gamle stellom, millom desse harde fjellom, står me og på heilag grunn — med frilynd ungdom, sterk og sunn. Her er sus frå sogetid — frå gamle fedres kamp og strid. Her, imillom stein og kronglut bjørke stod ho, Eysteins gamle kyrkje.

Busettinga ved Svorkmo Smeltehytte

Det er ganske klart at ei bygging av smeltehytte på Svorkmo trakk mange folk åt seg, — også mange utlendingar, og verket tok til å kjøpe opp gardar som dei delte opp i små lappar som kunne vera frå 1/16 til 2-3 dekar. For desse lappane betalte dei ei lita årleg leige. Det var serleg gardane Svorkmo og Skjølberg som vart kjøpt til dette formålet. I 1734 er garden Svorkmo delt 35 og Skjølberg i 53 «bersebruk», som desse bruka vart kalla. På desse bruka kunne dei fø 1 eller 2 kyr, nokre geiter og sauer, ja nokon hadde og hest og gris. Dei ugifte arbeidarane vart plassert på dei gardane som låg nærast og dei vart kalla «Inderster» (losjerande)

I denne busettinga var det stort innslag av folk frå Røros, Kongsberg og Kvikne gruver. Men og mykje Svenskar, og ikkje så få tyskarar, helst frå Saxhen. Desse siste hadde helst leiande stillingar som «Berg- og Hytte-skrivere, Overstigere og Hyttemestre.» For dei kunne ei årsløn vera 250 rdlr. for Hytteskr. og frå 16 til 9-10 rdlr. for dei andre.

Ein må tru at det var eit yrande liv på Svorkmo og smelteplassen i dei

Lat oss bli med i den tonen!
Lat han fyldig bli den ljomen!

Og lat oss gje denne lovnad — denne store stemnedag — at Øysteins kyrkje vil me verna om i alle lag. Ta vår vakt ved årelden desse gjeve fedrar tende. Aldri gløyme det som desse tuftom gøyne. Nøra elden i dei unge, varme barnar til å elska kristendom og norskdom så det riktig varmar.

Og gjev grunntonen i gamle Øysteinskyrkjas klokkeklang som no i dag kling atter — over vidde — vang, vil tone — og bera dette fagre, sterke bud — og lyfte heile folkesjela opp mot Gud.

tider. For bøndene i distriktet kom ikkje berre levering av ved og trekol når det gjaldt dei nye intektskjeldene. Det var og annan transport som gav bonden pengar i ein slunken pung, — kjøring av malmen frå Løkken til Svorkmo, og transport av det ferdige produkt frå Svorkmo til byen. Og så hadde dei lass attende og — det ville vera mykje mat til alle arbeidarane. Maten vart lagra i eit stort «proviant-hus» som verket hadde bygd på Malm-plassen.

Bøndenes vinterarbeid hadde før vore mest berre trøsking og ved-kjøring. No ljoma øksehogg i alle skogar, og kølmiler rauk i alle moar og åsar, jau, Verksdrifta hadde over-måte mykje å seie for økonomien i bygda og bygdene omkring Gruva og smeltehytta.

I åra omkring 1700 talet var det 6-7 bønder sysselsette med kjøring av ved og kol, og ved dette arbeid skaffa dei seg ei inntekt på ca. 12.000 riksdalar. Når dertil kjem ca. 200 som arbeidde ved Gruva og smeltehytta, så skjønar ein straks kva for ein livgjevande økonomisk straum dette var for våre bygder. Når ein så veit at sjølve hovudvegen til Trondheim gjekk over Malm-plassen, kan ein lett tenkje seg til det liv og rørsle det var på Svorkmo i dei tider. Det er vel og ganske sikkert at denne store rørsle som gruve-drifta skapte, ikkje hadde berre sine ljose sider. Folkets sedar og skikkar var rå og ville, og der var mykje drukkenskap med alt det låke dette førte med seg mellom bønder og arbeidarar ved Verket.

Det var vel så ymse med folk, da som no, og halde seg etter lovne.

Knut Liøkelsøy.

JONSOK-KVELD PÅ TJØNNÅSEN
Svorkmospeidarane arrangerer jonsok-kveld på Tjønnåsen frå kl. 19.00. Ta med niste og godt humør. Det skal bli festleg for folk i alle aldrar.

Åpent for alle.

Ein presentasjon av «klokkarsonen» Olav Nyhus

Faren var klokkar i Moskjerka. Han døde medan Olav var barn. Og mora døde få år etter. Faren var lærar og så. Mora var bønemenneske — ho kjempa ved krakkar og sengekantar med folda hender for seg og sine. Alt dette er viktig å få med — det gir ein understraum i Olav Nyhus si diktning. Og så ein understraum til — kjærleiken til den bygda som ikkje ville ta imot han. Han er sår mot bygda. Han er sår mot kyrkja. Han er gladare i dei begge enn dei fleste, men har ikkje fått rom. «Sola har ikkje skine på meg i Orkdala», sa han på sine gamle dagar. Og diktet «Kyrkja mi» viser at sola ikkje skein hjart derifrå mot han heller.

Noen synest kanskje det er dristig å gjengi slike dikt. Det er visst nok også første gongen dei blir trykt, slik som mest alt av det Olav Nyhus skreiv. Er det noen orkdalsdiktar, så må det vere Olav Nyhus. «Han har mye til felles med ein annan trønder, Olav Duun», sa presten Torbjørn Holm i gravferda til Nyhus.

Vi blei aldeles gripne under lesinga av «Kyrkja mi». Dette er slettes ikkje naturtilbeding, om noen skulle tru det. Her er djup syndserkjening. Og her stig den personleg heilage Gud fram i mektig kontur. Som Jesaja i tempelet.

To ting vil vi trekke ut av dette vidare: At vi som har fått frimod og fred til å vandre inn og ut av «kyrkja i dalen» lærer og får ettertanke av Olav Nyhus. Er syndserkjenninga sett så klart, og er det heilage så mektig for oss? Det andre er: Orkdalen må no «hente» Olav Nyhus, klokkarsonen frå Moskjerka heim igjen. Om noen fekk sjå gjennom alle etterlatne papirer, og gi ut ei minnebok om han.

Olav Nyhus var mesteparten av si tid lærar og skolestyrar på Hundorp. Der er han gravlagt, enda han så gjerne ville ha blitt det i Orkdal.

SØNDAG ER KYRKJEDAG

«Svorkmo kyrkje, — frå 1922 Orkland kyrkje, i dagleg tale Mo's kyrkje»

Ja, slik er overskrifta som står om jubileumskyrkja vår i «kallsbok for Orkdal prestegjeld». Her vil eg no noko forkorta fortelja det som elles står om kyrkja.

Det var smeltehytta på Svorkmo som var den direkte årsak til at den første kyrkja i øverbygda vart reist. Gruvedrifta på Løkken starta opp med smelteomn på Svorkmo i 1657. Frå dette året auka folketalet fort kring gruve og smeltehytte. Forutan gruvearbeidarar kom det kontorfolk, handverkarar og nokre handlarar som slo seg ned. Med kongens privilegium til å drive gruve og smeltehytte, fylgde det plikt for «participantskabet» å halda skole og kyrkje for verksfolket. Men kyrkja vart reist først 18 år etter at privilegiet vart gjeve. Kyrkja skulle ha vore vigsla tidleg sommaren 1675 av biskop Bredahl. Men han vart sjuk og så vart kyrkja vigsla noko seinare av sokneprest Axel Lind etter fullmakt frå bispnen. Denne første kyrkja har vore ei korskyrkje med eit høgt og slankt tårn. Benkane har vore lukket. D.v.s. at kvar benk hadde dør til å stenga, og ein har grunn til å tru at verksfolket har fått til-

**IKKE
EN
er
forlatt
som
forlater
seg på
GUD**

MB

delt benkar etter stand og verdighet, — slik vi og finn det på andre gruvestader — t.d. Kvikne og Røros. Inventaret er opprekna slik:

- 1 Sølfkande (Den hadde ein ståande figur på lokket, — Kristus på krossen. Ifølge ei seinare beskriving).
- 1 forgyldt Kalk med Disk
- 1 Messeshagel af rødt Fløvel med brede Guldsnorer, og udi samme 3 par Sølf-Hægter.
- 3 Messemerker
- 1 Par gule Træstager til Voxlysene
- 1 Par Messing Lysestager
- 1 Messing DåbsFad hvorudi staar Adam og Eva
- 1 Messing LyseKrone hengende midt i Kierken
- 2de Klokker i Taarnet
- 1 gammel Bibel
- 1 Alter-Bog

Som ein ser så har Verksleidinga utstyrt kyrkja svært bra etter si tid.

Nokon skole vart ikkje bygd straks. Kyrkja vart skolehus også. Og burtleige til skole har i mange år vore sikkert innkome for kyrkja. Det kan ein sjå av kyrkjerekneskapen. Ei anna innkome har vore burtleige av gravplass.

Kyrkjegarden var opphavleg berre for verkstilsette, men nokså snart vart det høve for andre til å bygsla gravplass mot betaling. Det var bergskrivaren ved verket som var kyrkjeverge og rekneskapsfører.

I 1739 har kyrkja fått ei omfattande og dugande restaurering. Ein fløy som no er oppattsett over hovudinngangen i Orkland kyrkje fortel litt om dette. Der står: «Løkken Kaaberverkis Berg Kierke paa Svorkmoe Hytteplads

Ano 1675 ere bleven opbygt Efter at den nu kaldede Løkken Kaaber Grue, Hvoraf Verked har sit navn, 18 Aar tilforn, nemlig 1657 er bleven opfundet saa-at Verked nu dette Aar 1739 er 82 Aar gammel. Samme Aar 1739 er denne Kierke igjen af de Herrer Participanter

Bleven Fornyed med Indredning og anden fornøden Reparation.

Herrens Nafn være Lovet som har ladet opdage for os saadan Velsignelse af Jorden, hvorved en Kierke er Bleven Bygt og en Menighed samlet til Guds Ære. Gud fremdelis give Velsignelse og opholde sit Ord paa dette Sted intil Werdens Ende».

Elles er det ikkje notert så mykje meir om denne kyrkja. Men vi kan taka med at sokneprest Christopher Brinchman døydde brått i kyrkja palmesøndag 17. mars i 1799 — nett som han skulle gå på preikestolen. Han var da 59 år gamal.

Ved snøsmeltinga våren 1816 gjekk alle elver i distriktet langt over vanleg flom-mål og dette vart «gamal-kyrkja» sin undergang. Elva gravde ut ørbakken og kyrkja måtte rivast i i hui og hast. Snart var det elvefar der kyrkjegarden og kyrkja hadde vore.

I 1818 vart ei ny kyrkje bygd på Smedhaugen i Talleråsen. Denne kyrkja fekk namnet Svorkmokykja. Einging i 1830åra vart smeltehytta nedlagt og noko om senn fekk kyrkja status av rein soknekyrkje sjølv om dei gamle banda til «Verket» framleis var der. Vi veit at det var forordna gudsteneste i Svorkmokykja kvar fjerde søndag og andredagane i høgtidene. Elles har soknepr. L. J. Wormdal skreive ned at denne kyrkja var ein oktagon, altså bygd i ottekant. Inventaret frå gamalkyrkja vart berga under flommen og kom til nykyrkja. Likevel veit vi ikkje visst kor mykje av det opphavlege inventar som var istand og i bruk da nykyrkja var ferdig — avdi inventarliste frå denne flyttinga ikkje er å finna.

Svorkmokykja vart ikkje fullt halvt-hundrad år — så vart ho riven. Det hadde vorte bygd bru over Orkla og da var brått Smedhaugen ikkje høveleg sentrum lenger. Bygdefolket (fleirtalet) avgjorde å rive og å bygge nytt på garden Mo. Nykyrkja vart bygd på ein gamal eksisplass som ikkje lenger var nytta. Der var det og høveleg plass til kyrkjegard. Kyrkja vart vigsla den 29/12 1867. Det var byggmeister O. T. Rømmesmo som sto for bygginga. Same mannen hadde forøvrig bygd prestegarden på Grøtte i 1856. I kallsboka står det nedskreive at: kalk, disk, døpefat og begge klokker er overført frå den

Då Orkland (Moe kyrkje) vart innvigd

Det kan vel vera hugnadsamt å sjå for lesarane av menighetsbladet kva «Norsk Folkeblad» frå 29. februar 1868 skreiv om vigsla av Moskyrkja.

«Dagen før Kirkeindvielsen, der fandt sted Søndag mellem Jul og Nyttår, røg der op en rasende Storm af Nordvest, ledsaget af Regn og Snebyger, og der kun med nød og neppe, at Dampskibet fra Trondhjem, hvormed Bispen kom, var i stand til at arbejde sig frem.

Det saa derfor just ikke synderlig lovende ud for Kirkeindvielsen. Stormen vedblev at rase til langt ud paa Natten, men se, — den næste dag var Himmelen klar og Vejr og Føre det bedste, man kunde ønske sig. (Af de 18 eller 19 Gange Biskopen har foretaget kirkeindvielser, har der ikke en eneste gang været stygt Vejr paa selve Indvielsesdagen, selv om Storme har raset uafbrudt baade før og efter).

Kn. L.

gamle kyrkja. Det står og nemnd at den største klokka hadde fått ei sprekk medan ho hong i Smedhaugkyrkja og ikkje hadde vore i bruk på mange år. No vart ho skikka til Trondheim og påstøypt. Ho har innskrifta: LEVERT AV TROLLA BRUG VED TRONDHEIM 1867 — HØRER MITT KALD. Denne klokka veg 560 pund (1 pund = 0.454 kg). Den mindre klokka har denne innskrifta: SIT SOLI SUMMA GLORIA. ME FECIT OTTO MØLLER 1715. (Æra er åleine DEN HØGSTES. Eg laga den Otto Møller 1715). Denne klokka veg 200 kg.

Nykyrkja på Mo vart straks kalla Moskyrkja. Ved kommunedelinga i 1922 vart det offisielle namnet Orkland kyrkje.

Kaare Rogstad.

Sommerskole 75

NMS innbyr til ny sommerskole for voksne!

Sommerskolen for voksne på Fredly for tre år siden samlet mange. Den ble en sterk fornyelse for deltakere på sommerskolene i og like etter krigsårene. En fikk møte gamle kristne venner igjen. En opplevde fornyelse gjennom rik forkynnelse. Dette forteller at sommerskoleform fortsatt har verdi.

I år innbyr vi til sommerskole for voksne på Gauldal folkehøgskole, Trøndertun, Melhus i tiden 14. - 17. august.

Årets tema, «Troens gode strid», er bibeltimer og foredrag formet ut omkring.

Årets sommerskoletalere: Generalsekretær M. Valen-Sendstad, tidl. generalsekretær Johs. Skauge, domprost Thor With, prestene Ole S. Fløttum, Lars Tangvik og misjonsprest Iver Fagerli m.fl. — Alle har god tilknytning til misjonsliv i Trøndelag før og nå.

Innmelding og forespørslar sendes NMS' kretskontor, Sommerveiten 4, Trondheim.

For komiteen

O. S. Fløttum. Gunnar Stokkan.
Sverre Røvik.

MO'S-KJERKA KRING 1900.

KROSS eller HAMMAR

Orkland kyrkjelyd kan i år feire 300 årsjubileum for dei 3 kyrkjene som har stått i soknet sidan 1675. Men røtene går sjølvstekt lengere attende. Det finnst spor eller indisier som tyder på at det også har stått kyrkjebygg her i millomalderen i katolsk tid, — kyrkjebygg som har smuldra i grus og ikkje vorte oppbygd att. Om desse byggverk har vore store eller små kan ein berre gjette seg til. Eg vil helst tru at det har vore små huskapell som dei større bøndrar har bygt på gardane sine. Kanskje vart slike huskapell bygd der hovet hadde stått. Ja, kanskje var det sjølv hovet på garden som vart vigsla til Kvitekrist.

Da «Nytrua» kom til bygdelaget her, så var nok ikkje alle odelsmenn glade. Mangt eit Torsbilette og mang ein Tors-hammar vart nok tatt vare på og løynleg gøymd i lange tider etter at dei første kyrkjebygga vart reist. Korleis kom så kristentrua til bygda? Gjeve odelsmenn og hovdingar har sikkert i mange ættleidd sigld langskipa sine nedetter elva, drege båtane på stokkar nedetter stryka til elveosen og så fare i vesterveg på vikingetokt. Før dei drog hadde dei svingt Tors-Hammaren over blodoffra til gudane for å vera visse på siger og stor hærfang. Fagning og heider venta dei, når dei så kom att. Då venta hovet og Offergoden at gudane fekk sin del av (ut) byttet.

Men så hende det at ein og annan kom heimatt som hadde møtt Kvite-

krist på sin villmannsveg. Ikkje var det visst at han målbar det så høgt — straks — iallefall ikkje om han berre var ein småmann i hovdingeflokken. Men det brann inni han og ga han ikkje fred. Han hadde møtt ein Gud sterkare enn alle dei gamle, — ja som klårt sa at dei gamle ikkje fanns. Dette tankane laut vikingen dela med kone og born. Så kunne det underlege og henda at det mellom trælane var ein eller fleire som kunne fortelja den sanningssøkande enno meire om Kvitekrist — den sterke og milde. Den gamle Aastrua tok til å rakne. Men først da kongsmakt og hovdingemakt baud det — tok folket kristentrua ved dåp og bygde huskapell. Ork-lendingen var nok som alle andre germaner vane med å fylgja storhovdingen sin anten han no heitte Kåre på Grytting, eller noko anna.

Så kom dei første prestar og munkar til dalføret. Det skal ikkje stor fantasi til å sjå dei for seg der dei sto i enkle lerrets-samarier og forkynte ordet og peikte mot himmelen. Ein kan også for tanken sjå alle slitarane frå gardar, nyrydningar og kølmiler innpå skogen som fekk seg ein kviledag kvar sjuande dagen og mange høgtidsdagar året igjennom. Så fekk dei også kvila seg i ordet om Paradiset og freden over all forstand. Snart lærte dei at veggen gjekk gjennom syndevedkjønning og Guds tilgjeving. Så kjente dei at syndene var mange og store og at dei laut

småminka seg for Kvitekrist. Folkekarakteren fekk ein annan svip. Vikingen som før hadde røva og rana, vannhelga og drepe, som hadde stått i ættehemn og blodstrid med uvener, han hadde lært seg å fylgja i fotefara til den varmhjarta samaritanen. No visste han at han skulle venda det andre kinnet til. Han skulle tilgjeva 7 gonger 70 gonger.


Ånei, det var nok ikkje alle som lærte dette. Mange vart værande vikingar alle sine år, og i mange ættled vart visst vikingehotten med som arvelut i sjøve blodsbandet. Ein hadde hug og hott til å gjera sin eigen vilje og la Kvitekrist få fare. Motsetnaden mellom kross og hammar fylgde nok ættene opp igjennom alle hundreår, og finst nok framleis.

Når vi skal feire 300 års jubileum for dei 3 kyrkjebygg vi visst veit har stått her — og når vi skal bøya hodet i tilbeding anno 1975, så skjer det samstundes med at hammaren løftes mot krossen nett på same vis som den gongen første kyrkja vart bygd. «**MELD DEG UT AV KRISTEN-SAMFUNNET OG KAST KRISTUS-AKET AV**», blir det ropa. Nokre vil fylgja den oppmodinga, kanskje helst slike som har ete av kunnskapens tre såvidt mykje at dei meiner seg å vita alt. Også det at Kvitekrist ikkje finnst. Det står skreve i Guds ord at ordet om krossen er ein dårskap for grekaren, ein støytestein for jøden, men ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur. Dette er nok eit sant ord også for vår generasjon. Difor sa Jesus at mennesket ikkje levde berre av brød men av kvart ord som gjekk ut av Guds munn. Så er det åndeleg underernæring som gjer at trua døyr.

Eit kyrkjuhus, likesålite som eit kyrkjefund vil nokon gong vera noko ferdigbygd for all tid. Kvar generasjon og kvart einskildmenneske må på ny og på ny både kjempa for å koma inn i Guds rike og ta ei viljesavgjerd om kor det vil stå. Den kristne må avfinna seg med at han lyt stå i denne striden, og åndskampen vil tilspissas for kvar tid. Gruntvigs herlege salme vil nok ha sin gyldighet også over vårt kyrkjejubileum:

*Kirken den er et gammelt hus
står om enn tårnene faller.
Tårner full mange sank i grus
klokker enn kimer og kaller.*

Gjennom alle hundreår har tors-hammaren vore løft til ulivshogg mot



VORMSTAD

Verkskulen på Svorkmo

Som nemnt på annan plass vart Løkkens Kobberwerk i sine Privilegier pålagt, attåt å byggje kyrkje og å drive skule så barna åt Verksarbeidarane skulle få lære seg å lese og skrive og få oppøving i kristendomskunnskap. Alt i 1680 var den første skulen igang på Svorkmo, 60 år før det vart nokon annan skule i bygda. Men barn frå bygdefolket rundt Svorkmo kunne og få sendt barna sine dit, mot å levere 1 lass ved årleg. Dei som var lærarar ved skulen var samstundes og klokkarar ved kyrkja på Sckankebakken eller Smedhaugen. Det var Werket som betalte lærarlønna, sjølvstekt. Som lærarar vart ofte tilsendt studentar som jamnt hadde skeia ut noko i studenttida si i København, rett ofte var dei glad i skjenk. Det hende rett som det var at dei fekk åtvaring av bispen for dette.

Men dei var jamnt bra til å lære barna, og det hende ikkje så sjeldan at Svorkmoungdomen fekk ros for dugleik under bispevisitasane. Ein kan ikkje her nemne opp alle lærarane, men nemner den første vi høyrer om, Jens Lorentzen, vidare Benjamin Kieldstrup, Jens Christoffersen, Hans Christoffersen Mentzonius, Jon Boksbu, Ulrik Tostrup, Søren Dahl, Sivert Skjøberg, Hans Christoffersen Wessel «samt den siste i Werkets tjeneste Martin Sivertsen».

Da elden hadde slokna på Svorkmo Hytteplass i 1844, hadde Werket enno plikt til å halde oppe skulen, men i 1849 var det slutt. Her hadde det vore fast skule samanhengende i 170 år.

(Dette oppsettet er teke av historielagets årbok 1968/72 som Kr. Svorkmo har skrive.)

Kn. L.

Med helsing
Øvre Orkdal Historielag.



Retting

Ein skulle tru at mest alle tingarane av «Gardtales i Orkland» no har fått boka. Me har kome over at det er noko feil i boka, og me skal sende ut eit rettingsblad ut på hausten. Dei som finn noko, t.d. at namn, datoar eller årstal er galne, så meld av. Dette må gjerast skriftleg, — i telefon duger ikkje. Så skal det verta retta så langt råd er. Skrivaren Knut Liøkelsøy tek imot og ordnar med dette.

Med helsing
Øvre Orkdal Historielag.

kristenkrossen - gjennom alle hundreår har vi også hatt blodvitner. Mellom kristusfornekting og kristenfølgjing er det eit uhyre kort steg når det røynt på. Men mellom vitnemålet om den krossfeste og oppstandne Kristus og Guds rike er det ei åpen dør.

Hjarteleg til lukke med jubileet!

Kaare Rogstad

Orkladal Felleslag av N. L. Misjonssamband

Fester og stemner for sommeren 1975.

- 15.6. Vormstad. Fest kl. 19.00.
- 21 - 22.6. Kretsmøte i Trondheim.
- 29.6. Stokkhaugen. Fam. stemne kl. 15.
- 6.7. Eikli. Rødestemne kl. 15.00.
- 13.7. Gjølme. Fest kl. 17.00.
- 20.7. Monset. Fest kl. 15.00.
- 27.7. Meldal. Fest.
- 3.8. Nerskogen. Rødestemne.
- 10.8. Lomundal. Fest.
- 17.8. Frilsjøen, Løkken. Fam. stemne kl. 15.00.
- 24.8. Svorkmo. Kvinnestemne.
- 31.8. Orkanger. Fest kl. 17.00.
- 7.9. Fannrem. Rødefest kl. 17.00.
- 14.9. Løkken. Fest kl. 17.00.
- 21.9. Krokstadøra. Fest.
- 23. - 28.9. Børsa. Ungdomsuke.
- 30.9 - 5.10. Lomundal. Offeruke.
- 7. - 10.10. Monset. Offeruke.

Forandringar i planen kan bli nødvendige.

Vil du være med å gjere samværene godt kjent og forberede dem i bønn? Med ønske om Guds velsignelse i tjenesten.

Orkladal Felleslag av N.L. Misj.samb.
Arne Høvik, form. Arnt Gangås, sekr.

Folkehøgskolen

Organ for Norsk Folkehøgskolelag
Kr. 30,— for året. 11 nr. 220 s.
med allsidig pedagogisk stoff.

Redaktør: **Olav Klonteig**,
3840 Seljord.

Utgjevar og ekspedisjon:
Svorkmo Prenteverk A/S.
7330 Svorkmo. Postgiro 9 10 54.

Velkommen på sommerleir!

Sommertid er leirtid og tilbudene skulle være mange både for barn og tenåringer. Vi samlas til friluftsliv, bading, turer, sport o. s. v. Men midtpunktet for leirene våre vil vi skal være at Jesus er frelser og konge. De første leirene som tar til er barneleirer og de starter med det samme

skolene slutter altså 21. juni.

Første leirperiode slutter 6. juli og neste tar til 25. juli. Da går det slag i slag fram til skolens begynnelse ca. 15. aug. Leirene er spredd på forskjellige steder i kretsen både på fjell og ved sjø. Nærmere opplysninger får du på Indremisjonens kretskontor, Kongensgt. 26 tlf. 22131.

Velkommen på leir!

Randi Korsveien.

GAVER til bladet

ORKANGER :

Marta og Tore Landmark kr. 20. J. Karlsen 10. Marie og Martin Monsen 10. R. Solberg 10. Astrid og Johs. Dahlø 20. Inger og Reidar Kongsvik 10. Kristine Kongsvik 10. Beret Røhmesmo 10. Iver Lillery 20. Sigrud og Ingebr. Isdahl 10. Judith Grande 20. Ingeborg Morseth 10. I. R. 10. R. Bjørnås 10. M. og J. Næss 10. Ragnhild og Brage Leinan 25. Anna og Erling By 25. Marit Hongslo 10. Anne og Jon Hongslo 10. Ester Larsen 10. Gudrun Holdvakt 10. Gjertrud Johansen 10. Margit Breunig 10. Petter Nordheim 10. Irma Næss 10. Ingeborg Soligård 10. Kristine og O. Våtland 10. Kristian Steen 10. Olga Janssch 10. Solveig og Ingebr. Opøien 10. Marit Togstad 20. Aslaug og Bjarne Lillerønning 20. Margit og John Haug 10. Marta og Karl Taranger 10. Ester Sivertsen 10. Marie Solem Rønning 10. Johanna Venes 10. Gurine og Ole Vik 10. Mette Solem 20. I. og J. A. Haugen 25. A. Sivertsen 10. Mary Sneve 10. Tora og John Solberg 10. Jorunn og Kristoffer Pevik 10. Aslaug Brandli 10. Ruth Jensen 10. Signe og Konrad Olsen 15. Bjørg Sandø 10. Orkanger Vel 50. Magda og Arne Opøien 20. A. og V. Trettøy 10.

ORKDAL :

Anders P. Kvåle kr. 20. Beret Langmo 10. Bergliot Høiset 15. Marit Kvåle 10. Lovise Kjønl 30. Ole Thorstensen 10. Gunnar Asphaug 10. Ellen Blåsmo 10. Oline Reitan 10. Gustav Kjønl 11. Karen Blokkum 10. Randi Eggen 10. Karen L. Gjønnes 10. Helga og Stein Kurås 15. Arne Eriksen 10. Inger Margrete og Odd Eriksen 10. Alfild og Bent Hoston 15. Amalie og Andr. Ekli 20. Dagny

og Ole Granli 10. Gudrun og Harald Aune 10. Jarle B. Sommervold 25. Sigurd Tufli 10. Maren Mjøen 10. Ingeborg Svorkås 10. Dagny L. Kvam 10. Einar Gisvold 20. Synøve og Birger Kvåle 20. Anbjørg og Olav Mellingsæter 10. Kåre Snøsen 20. Sigrud Evjen 10. Arvid Kringstad 15. Randi og Ivar Wolden 20. Marit og Johan Selnes 20. Sivert Tufli 10. Marit Sørl 10. Johan Johnsen 10. Johan Halstenli 20. Petra og Arne Melby 10. Ivar S. Ljøkjel 20. Marit Kvakland 20. Jon Haugnes 20. Karen og Rasmus Kråkenes 20. Anders Fagerholt 25. Peter Rædergård 10. Karen Engmann 20. Marie og Arne Stenshaug 20. John K. Søvassli 20. Gjertrud Søberg 10. Bergliot Kvåle 10. T. J. Mellingsæter 15. Haldis Hagen 20. Bergliot og Ola Fagerholt 20. Elisabeth og Olav Gjønnes 20. Bjørnhild og Leif Sveeggen 20. Armand og Bernt Solhuslökk 20. Randi og J. Kvålvold 10. Borghild og Jarle Langvik 10. Magnhild Kurås 10.

ORKLAND :

Valborg og Gunnar Hoset kr. 20. Einar Valstad 20. Ingeborg og Bjarne Dahl 20. Jørgine Høston 10. Ingrid og Erling Høston 20. Astrid Bjerkan 10. Margit og Jørgen Vangen 20. Marta og Arvid Strømsvåg 10. Tore Halgunset 20. Magnhild Rye 20. N.N. 50. Aslaug Svorkmo 10. Ingeborg Vikahaug 20. Johanna og Olav Lie 20. Liv og Leif W. O. Aune 20. Enetta og Arnt Ofstad 20. Eli og Ola Klingen 20. Anna og Ingebr. Monset 30. Magnhild Bjørnbeth 20. Anders Aarli 20. Ingeborg Anna Monseth 20.



SOLSJØBYGDA.

GEITASTRAND :

Jan Langvik kr. 15. I. og J. Sletvold 10. Håkon Sletvold 10. Einar Langvik 10. Tordis og Arnold Husdal 10. Erling Sletvold 10. Lovise Haugnes 10. Ingeborg S. Kvernmo 20.

UTENBYGDS :

Anne Løvås, Heimdal kr. 20. Asta Solem, Selbekken 10. Peggy Nytrø, Selbu 10. Lilly og Edv. Almhjell, Heimdal 15. Klara Finsås, Snåsa 20. Jorheid Asbøl Larsen, Bogøy 20. Olga Jakobsen, Tysfjord 10. Margit og Alf Frengen, Heimdal 15. Lorents Mausset, Furugrenda 10. Johanne Samdal, Tr.heim 10. Anne Larsen, Bodø 20. Gjertrud Løkken, Meldal 10. Johan K. Grostad, Selbekken 10. Eli Hofstad, Stjørdal 20. Ingeborg og Andr. Ingela, Dilling 20. Odd Kvam, Eidsvold 20. Anne Gruthaug, Jerpstad 10. Gudrun Sæther, Meldal 10. Marta Vuttudal, Kyrksæterøra 10. Eli Skålvik, 1430 Aas 10. Gudrun Kirkvold, 7590 Tydal 10. Gunhild Bakke, 1920 Sørumsand 10. Aase Evjen, 7053 Ranheim 15. Solveig Bliksås, Tr.heim 10. Elisabeth Bartnes, Torså 20. Karen Dyndal, Vallahund 10. Valborg Holsvik, Syvde 10. Maren Røgset, Hareid 10. Gudrun Gåre, Bodø 25. Kristine Eidhamar, Tresfjord 20. Eli og Anders Fossbakk, Tr.heim 20. G. Sødal, Jakobsli 20. Tor Sinnes Rindalsskogen 10. Jenny Rynning, Hommelvik 20. Astrid Hoa, Overhalla 10. Marie Rønning, Sjetnehaugan 10. Anna J. Viggja 10. Kristine Ljøkelsøy, Tr.heim 10. I. Eriksen, Tømmervåg 10. Johan Sødal, Børsa 10. Ingeborg

SØLVVARER
til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed

John
ROHME

7300 Orkanger



VÅR MENIGHET

Teltmøter på Gjølme

Det blir i år i tidsrommet 3.6 - 15.6. Ole Lilleberg leder møtene. Det blir mye song og musikk. M.a. deltar Orkland mannskor, Børsa, Skaun og Svorkmo musikklag. Vidare songgruppa frå Lensvika og solo- og duett-song av fleire. Prestane i bygda vil også bli med.

Feriane avvikles slik:

Prost Rogstad har ferie 25.6 - 23.7. Res. kap. Eidhamar har ferie 21.7 - 17.8. menighetssekrt. Solem har ferie 20.7. - 16.8.

Tenestegjerande prest blir da

26.6. - 20.7. res. kap. Eidhamar telf. 86841 + 2088
21.7. - 23.7. prost Bull — Selbekken telf. 011 + 121 Selbekken
I desse 3 dagane kan også menighetssekrt. ta imot beskj. telf. 80589.
24.7. — prost Rogstad telf. 82142.

I tida 25.6 til 17.8.

blir kontorene betent slik:
Orkdal prktr. laurdag kl. 10 - 12
Orkland prktr. tirsdag kl. 10 - 12.
Orkanger prktr. torsdag 17 - 19
Elles kan treffetid avtales med tenestegjerande over tlf.

Også eit jubileum

Asbølljårens misjonsforening av NMS er 100 år dette året. Søndag 14. september blir dette høgtida med gudsteneste og misjonsfest.

Skogen, Bjugn 20. Anna Bakken, Lesjaskog 15. Svein Opøien, Stange 20. Gunhild Bakkenberg, Innset 10. John J. Opøien, Løkken 10. Jostein Gjønnes, Steinkjer 20. Astrid og Ivar Eggan, Skaun 10. Johanna Vilvang, Elvarli 10. Ragna og Knut Rise, Rindalsskogen 10. Odd Sølberg, Heimdal 10. Gudrun Wåler Fagerli, Aamot i Modum 20. Mildrid Overvik Moe, Kyrksæterøra 10. Alv Helge Nødtvedt, Tynset 20. G. Gulbrandsen, Tr.heim 10. Evelyn Kvam, Tr.heim 10. Rikard Skjenald, Oslo 20. Ingeborg Eggen Mundal, Fjærland 20. Ingeborg Ingdahl, Selbekken 10. Ellen Richter, Tr.heim 10. Hjørdis og Peder Scheffloe, Mo i Rana 10. Beret og Trygve Aune, Viggja 20. Turid og Oddv. Thoresen, 6520 Rensvik 10. H. og B. Koren, Bekkestua 10. Marit Grønning, Heimdal 10. Jenny Kvam, Tr.heim 15. Sofie og Gunnar Sluphaug, Krokstadøra 10. Anne og Brage Tufli, Glomfjord 10. Marlaug og Olav Sjømøling, Tingvoll 10. Magne Lyngberg, Snåsa 15. Harald Eidhamar, Elnesvågen 10.

Hjertelig takk.

ORKLAND Menighetsstøsterlag har årsmøte i Svorkmo misjonshus onsdag 18. juni kl. 19.30.

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.
Telf. og post: 7330 Svorkmo.



ØYUM

Utflyttardagen i Orkland i år er slått saman med kyrkjejubileet.

Gunnhild Bjørkhaug

frå Storås blir den nye ungdomssekretæren på Svorkmo til hausten. Vi fekk forfall frå henne som først skulle kome. På Orkanger har Hustad leir lova oss sivilarbeidar så snart dei finn «rette mannen». Gunnhild tok artium ved Orkdal gymnas i vår. No går ho på ledarkurs på Rønningen folkehøgskole.

Prostidag

for Orkdal prosti blir i Orkland søndag 21. september.

Glasmåleria

i Orkland kyrkje blir berre delvis ferdig til jubileet. Dvs. at to av 6 vindu blir innsett. Marie Andersen f. Heyerdals legat har betalt heile kunstnarhonoraret av måleria på kr. 41.600,—.

Menighetsmøtet

om kyrkjenamnet Orkland/Moe blir etter høgmissa 31. august.

Søvasskjølen

I ein artikkel om Orkdal Landbrukslags 100 års jubileum i 1960 skriv Anders P. Kvaale om Søvasskjølen gjennom tidene, og slutter slik: «I den seinare tid er det bygt mange hytter på Søvasskjølen. Det er byfolk og anna folk som elsker fjellet, som har slege seg ned. Dei nyttar helgene og ferien til å vere der. Om helgene er det stor biltrafikk der ute. Så ligg dei der da og laugar seg i vatna, og steikjer seg i sol, når veret er godt. Er veret dårleg så har dei det godt inne i dei velstelte hyttene. - Ja, vi har det godt no — og la oss vere takksame for det. — Men la oss sende ein takksam tanke til dei som sleit og streva dei lange arbeidsdagane på Kjølén fram gjennom tidene, — frå klokka 4 om morgonen til langt på kvelden. — Kanskje maten ikkje var så feit heller. — Gjennomvåt leggja seg på nokre bjørkekvistar — eller i heldigaste fall litt høy under seg i hullu — medan vestanvind og regn piska mot hulluveggen. — Men dei var glade og velnøgde menneske som elska livet — tente livet — og bar det fram til oss. La oss minnst dei med takk no i jubileumsåret».

Det var landbruksjubileet. I kyrkjejubileumsår minner vi om reisinga av Fjellkyrkja. Den bør reisast med takk!

Kva er Orkdal Minnefond?

Kva skal det tene til?

For to år sidan gjorde det Orkdal sokneråd som da var i funksjon, opp-taket til å få istand eit minnefond eller blomsterfond, som det heiter i somme andre bygder. Arsaka til at soknerådet tok dette initiativet, var grei nok. Det har jo alltid vore slik at vi alle gjerne vil gje uttrykk for

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Fannrem bokhandel, Einar Bjørndal, Fridtjof Digerås, Peder Tronvoll, Borghild Asp-hjell, Dagny Korsli, Lars Bonvik.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:
Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos:
Harald Hukkelås.

vår medkjensle når nokon vi står nær, har mista ein eller ei av sine kjære. Og i det velstandssamfunnet vi no inngong lever i, vart det meir og meir vanleg å sende ei blomsterhelsing ved slike høve. Slik har dette auka på at ein i seinare tid ofte kan sjå som tilføyning i dødsannonsane ei oppmoding om ikkje å sende blomster til heimen. Også på sjølve gravferdsdagen kan blomstermengda bli beint fram overveldande. På same tid er det ei velkjend sak at den store kyrkjegarden på Grøtte godt kunne trenge meir stell for å bli så vakker som vi helst ville at han skulle vere. For kva fortel vel ikkje tilstandane på ein kyrkjegard om bygda og bygdefolket!

Så synest vi som den gongen var med i soknerådet, at det var naturleg å prøve å kombinere desse to ønskemåla: Folks trong til å vise at dei kjenner med dei sørgjande, og den felles interessa vi alle har — at kyrkjegarden på beste vis skal vitne

Det Norske Misjonsselskap

— Trøndelag krets — Ungdomsrådet.

Denne sommeren arrangerer NMS 14 leirer i Trøndelag. De fleste leirene har vi på Mjuklia Ungdoms-senter, Berkåk. Ellers har vi leirer på Frøya, Å i Afjord, Laberget, Skogn og Bakketun i Verdal.

Vi ønsker at riktig mange vil benytte seg av denne sjansen til å komme sammen om Guds Ord, og til å være sammen i lek og på tur.

Oversikt:

Mjuklia Ungdomssenter, Berkåk:

Leir 1: 20.6. - 22.6. Lederkurs

Leir 2: 23.6. - 28.6. Ten-leir (13 - 15 år.)

Leir 3: 30.6. - 3.7. 9 - 11 år

Leir 4: 4.7. - 12.7. Ledertrenings-leir (over 15 år).

Leir 5: 8.7. - 11.7. 10 - 12 år.

Leir 6: 17.7. - 20.7. Familieleir

Leir 7: 21. - 27.7. Arbeidsleir.

(Over 14 år.)

Leir 8: 31.7. - 3.8. 9-11 år

Leir 9: 6.8. - 10.8. 11 - 13 år

Leir 10: 13.8. - 17.8.

Fjellvandringsleir

Sistranda, Frøya:

Leir 11: 23.6. - 27.6. 10 - 13 år.

Å i Afjord:

Leir 12: 3.7. - 6.7. 10 - 13 år.

Bakketun, Verdal

Leir 13: 29.7. - 1.8. Ten-leir.

Laberget, Skogn:

Leir 14: 11.8. - 14.8. 10 - 12 år.

Vi minner om Landssommerskolen som i år blir på Fredtun folkehøgskole, Stavern (for ungdom over 17 år) i dagene 30.7 - 3.8.

Opplysning og innmelding:

NMS Kretskontor, Sommerveiten 4.
7000 Trondheim Tlf. (075) 23780.

Orkdal kommune
helsar
med 300 års jubileet!

om vår takk til og vørnad for dei slektene som har levd for oss, og no «sov der under stein». Og dermed vart tanken om eit Orkdal Minnefond prøvd realisert. Ein vakker helse-blankett er å få kjøpt hos alle tillitsmennene for fondet. Den utfylte blanketten blir sendt til sørgjehuset, og pengane går til dette fondet som skal gjere det mogleg å setje kyrkjegarden i best mogleg stand.

Eg har hørt sagt at folk synest dette må vere ei kommunal sak, som det må løyvast pengar til på vanleg måte over kommunebudsjettet. Men kommunen har til kvar tid så meir enn nok å bruke skattepengane til, at det er grenser for kva ein kan få frå den kanten.

No må ingen tru at soknerådet som gjorde opptaket til minnefondet, ville ha slutt på skikken med å sende

blomster til gravferdene. Minnefondblanketten skulle berre vere eit mogleg alternativ, når ein fann ut at det kunne høve best slik. Det er få som til denne tid har gjort bruk av dette alternativet, og det har fått oss til å tenkje over om sjølve formålet med minnefondet er godt nok kjent. Derfor har denne artikkelen vorte skriven.

Sigmund Gjelsvik.

Merknad:

Vi støttar ovanstående. Minnefonda på Orkanger og Orkland har eit litt vidare formål idet det der er høve til å bruke midlane også til anna menighetsarbeid t. d. eldreomsorg, spesielle blomsterhelsingar m.v.

Red.

«Kjerkgarn»

Det som er att av kyrkjegarden på Sckankebakken, kallast enno i dagleg tale for «Kjerkgarn», og det har vore mange eigarar som åtte kvar si remse jord der. Gravene er for lenge sia jamna ut og jorda vart oppdyrka og brukt til åker og eng. I 1938 vart det reist ein minnestein på denne gravplassen, og denne vart avduka 28. august 1938.

Innskripta på steinen er:

LØKKEN KAABERWERKIS

BERG-KIERKE PAA

SVARKMOE HYTTEPLADS

1675 - 1816

STEINEN REIST 28.8. 1938

AV

ORKLA GRUBE A/B

OG FOLKET I ORKLAND.

Det står att ein gravstein på kyrkjeplassen enno, det er ein klæberstein, hoggen og firkanta og smalnar opp.

På han står det på eine sida:

På dette sted er hensatt Levningerne av 3 værdige Familier, Møllers, Schiiwes og Schrøders. Fred med deres Støv.

„Den murede begravelse“

Løkken Kobberwerks store mann i det 18. hundreåret var direktør Hans Rasmussen Müller. Han var den siste kongelege utnemnde direktør ved Løkken Werk.

Han var eigar av garden Rektorli kor han bygde eit «herskaps hus». Denne direktør er best kjent for at han stendig låg i prosess, og soleis må han ha vore ein sers vanskeleg og stridbar mann.

Men det er og mange ting som tyder på at den same direktøren stod på ein god fot med folket og arbeidarane. Han døydde i 1760 etter å ha vore direktør i 37 år.

På den andre sida står det:

Denne støtte er opreist Aar 1823, taknemmeligst af Kristian A. Lorch, Ellen B. Lorch f. Schiwe.

Under kyrkja var likkjellaren der dei verdige vart innsett. Då kyrkja vart riven i 1816 vart dei flytta opp i den øvre enden av kyrkjegarden.

Knut Liøkelsøy.


Det var mest ein mote millom dei tiders rikmenn at det skulle vera innreide gravrom på kyrkjegardane, og også direktør Müller ville lage seg ein slik på verkskyrkjegarden på Sckankebakken. Han let lage til eit gravrom som vart kalla «Den murede Begravelse», (eit mausoleum). Han fikk løyve til dette av Partisipantane, på dei vilkåra at han ikkje skulle «vanhelde kirken.» Men da Stiftsbefalingsmannen fekk greie på dette, gav han strengt påbod om ikkje å tillate «sådan Ekstra Vaganse.»

Men direktøren brydde seg ikkje om dette, og held fram med bygginga trass i alle «innsigelser.» Stiftsbefalingsmannen med William Hammond i brodden bad biskopen om å stoppe dette «Og rødde tomten.»

Men både verdslege og geistlege kom ingen veg med Müller, og «Begravelsen» stod der som eit faktum.

Om direktør Müller ved sin gravferd i 1761 ble lagt her, veit vi ikkje, men på auksjon etter han ble den seldt til Partisipantene ved Werket for 44 riksdaler.

Knut Liøkelsøy.



Gammel tegning
av Svorkmo
hytteplass med
Svorkmo kirke.

Innrykket av
ORKLA INDUSTRIER A.S.

Tormod Havik A.s

K år m o

KOLONIAL

BP — bensin — olje

Tlf. Svorkmo 2212

BYGDEMILJØET EI LIVSFORM

Skal bygdefolket verna om sine egne servicefunksjonar og naturlege samlingsstader, trengs det om å vera meir medviten om verdiar i sitt eige vesle miljø. Vi må vera meir lokalpatriotiske når vi handlar, høgtidar 17. mai, nyttar rutebussen og lokalbåten, skipar til juletefest etc. Ikkje så at vi einsidig skal kjæla for vårt eige, nei eisidig bygdekiving kjem det lite godt ut av. Men det må gå an å arbeida for å styrkja service- og miljøtilbod i sitt eige lokalmiljø utan å tap av syne den sjølvsgade kontakt grendene må ha med andre miljø.

N. T. i Dag og Tid.

M. A. Staveli

7334 Hoston

LANDHANDEL

MELDAL SPAREBANK

Kontortid:

Løkken: Alle dager, unntatt lørdager, kl. 10.00 - 16.00.

Meldal: Kl. 8.30 - 15.30. Lørdager: Kl. 8.30 - 13.00.

VELKOMMEN TIL BANKEN.

Forøvrig håper en at de nye toner i presse og radio, — i Storting og organisasjoner, som endeleg er blitt klar over og pressiserer faren for lokalsamfunnet ved ikke å støtte sine butikker i utkantbetonte strøk, får folk til å tenke seg om. De gjør seg selv en bjørnetjeneste ved å dra til «sentraene» med handelen sin. Det er også bevist at de ikke tjener noe på det likevel i det lange løp.

Derimot kan de rive grunnlaget bort for forretningene på stedet, og gjøre de ulønnsomme. Hvor avgjørende viktig dette er for mindre steder blir en ofte ikke var før det er for sent til å gjøre noe.

Her har vi muligheten til å gå den motsatte veg.

FRA NOTAT FRA

SVORKMO HANDELSSAMLAG.

Gardtales i Orkland

og Livssoga hans K.M.Elda har vi enno att ein del av. Vert utlagt til sal under jubileumsfeiringa 21. og 22. juni.

Vi kan levere alt i trelast, og husbyggjarar som treng trev kan med stor fordel vende seg til oss. Vi har og på lager 20 stdr. tør 1" og ¾" bord for levering straks.

SVORKA BRUK

Magne Dalen Telef. 80 692.

VI TAKKAR ALLE SOM HAR HJELPT OSS
MED Å GI UT DETTE NUMMERET AV
ORKDAL MENIGHETSBLAD.

80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

Svorkmo Handelssamlag

Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00

Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)Lørdager er alle kontorer
stengt.

Bjørklund snekkeri

Dører, vinduer og trapper.

Spes: Hyttevinduer.

7330 Svorkmo tlf. 2021.

ORKLA SPONPLATER

til alle byggeformål.

Norske Skogindustrier A.s

Orkla Skogindustri Orkanger

Ledig annonseplass!

Derfor nyttar vi høvet til å minne om menighetsbladet sin postgiro som står på 3.sida. Dette bladet er tre gonger så stort som vanleg, men vi vil elles og få hjelp til å gi ut eit godt blad. Folk er positive, så vi trur denne notisen gir oss meir i kassa enn ei annonse ville ha gjort. Du betalar, og takk for det.

ÆRLEGGDOM

I

HANDEL

OG

VANDEL!

Nyheter for våren

i bra utvalg!

Pene dåpskjoler til utlån.



Harald Hukkelås

Orkanger.

Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir

Skolemateriell

LANDHANDELEN

EIN HJØRNESTEIN

I dei siste fem åra er 200 butikkar i gjennomsnitt blitt nedlagde kvart år. Prognosar reknar med at talet berre vil auka. Særleg går dette ut over mindre grender der det er vanskeleg for småkjøpmannen å få drifta til å løna seg, og der det ikkje er lett å tevla med storbutikkar i bygdesentra og bystrok eit stykke borte i privatbilismens tidsalder.

Landhandelen er ein av hjørnesteinane i lokalsamfunnet, og som plussfaktor i miljøet er butikken meir enn ein stad der ein kjøper nødvendige varer. Derfor er handelsmannen viktig for busetting og sosialt samkvem i bygda. Det er for ikke om det skal gå så langt som det fekk gjera med skolesentraliseringa før politikarar og andre får augo opp, og tiltak blir sette i verk for å støtta og styrkja landhandelen i utkantgrendene.

Njål Tjeltveit i Dag og Tid.

TRELAST BYGGEVARER

Til reparasjoner og nybygg er stedet for en god handel.

ORKDAL SAG OG HØVLERI

Tlf. 074. 82265. 7320 Fannrem.

Carborex

SILISIUMKARBID

ORKLA EXOLON A/S & CO.

KOMMANDITTSKAP
ORKANGER

ORKDAL ELVERK

Elektrisk energi til boliger og industri.

TLF. 82 200.

Feilmelding 82 401.

Vi ønsker alle kundane våre og alle vi samarbeider med

EIN GOD SOMMAR!

i arbeid og fritid.

BØNDENES SALGSLAG

avd. Fannrem.

Apegenerasjonen og pillemennesket

Overskrifta er forsøk på ein jubileumskaraktistikk av vår eigen tid. Om vi stammar frå apene? Det er eit ytterst lite interessant spørsmål. Det alt står og fell på er at vi ikkje er og blir aper, men mennesker. Kva vi har vore, er ikkje eit stort spørsmål i ein kristen samanheng, men kva vi er, og kva det blir til med oss.

Det står kamp om menneskesynet. Det er sterke krefter i sving som vil redusere oss til aper. Eit menneskeliv blir *ein ting* som ein kan bestemme over både i mors liv og i den eldres sjukeseng. Det er ein klar samanheng mellom fritt abortsyn og tanken om miskunnsdrap. Og dette får igjen sterkt utslag i respekten for det liv vi får leve som er midt mellom mors liv og alderdomen.

Den første fasen er innført ved norsk lov denne våren. Den andre fasen er i full utvikling i debattfora rundt omkring. Og den tredje fasen er i ferd med å forme seg. Eit enkelt menneskeliv kva er nå det verdt, eller ein hop cambodsjanarar? Vi er snart modne igjen for ein ny omgang med Adolf Hitler.

Pillemennesket — det er eingentleg det same som apegenerasjonen. På den eine side betyr dei som trur at piller — medisinar — tryllekunst — bingo og øl gir evig liv, og dei er mange. På den andre sida står det for dei som trur at P-pillen gir evig liv, og dei er enda fleire. Svært mange har opphørt med å vere mennesker. Det som gjer at dei tilsynelatande lever er at det framleis finst pillestasjonar for påfyll.

Vi hørte tilfeldigvis den jødisk-norske professor Leo Eitinger i ein radiodebatt nyleg. Vi glømmar aldri Eitingers mektige reaksjon når den overfladiske norske debattanten forsøkte å fortelle han at eit menneske var eit dyr. Leo Eitinger er jøde, og har ennå intakt det bibelske menneskesyn: I Guds bilde. Kjent frå mors liv. Med det evige i hjartet.

La oss reise ei mektig bølge av forsvaret for det bibelske menneskesyn mot apegenerasjon (degenerasjon) og pillemennesket. La kristen tru og liv igjen bli sett i høgsetet i folket. Det får lokale og verdsvide konsekvensar. — Og evige!



G U D S T E N E S T E R

11.6. Geitastrand kyrkje kl. 15
v. Rogstad. Eldredag. (Ofstad
bedehus kl. 16)

15.6. 3. s. i *trieining*
Orkdal kl. 11. Høgmesse v. kretss.
Strøm og spr. Rogstad.
Offer til sjømannsmisjonen.
Orkanger kl. 11. Høgmesse
v. sjømannsprest Michaelsen.
Offer til sjømannsmisjonen.
Geitastrand kl. 11. Høgmesse
v. res. kap. Bondevik og res. kap.
Eidhamar. Offer til sjømannsmisj.
Orkland kl. 11. Høgmesse v. spr.
Kvarme. Offer til sjømannsmisj.

22.6. 4. s. i *trieining*.
Orkland kl. 11.
Festgudsteneste i høve 300 årsjub.
v. domprost With og res. kap.
Eidhamar. Orkland mannskor
medv. Offer til menighetsarb.
Orkland kl. 19.
Jubileumsvesper v. spr. Rogstad.
Orklakoret og Orkland mannskor.
Orkdal kl. 11.
Høgmesse v. res.kap. Fougner og
res.kap. Brodtkorb. Offer til Søvass-
kjølen fjellkyrkje.

27/6 Husdalen kl. 19.
Speidargudsteneste v. res.kap. Eid-
hamar.

29.6. 5. s. i *trieining*.
Orkanger kl. 11. Høgmesse
v. garnisonsprest Gunnar Wold.
Nattverd.

6.7. 6. s. i *trieining*.
Orkdal kl. 11. Høgmesse
v. res. kap. Eidhamar. Nattverd.
Offer til barnevernstituttet.

13.7. 7. s. i *trieining*.
Orkland kl. 11. Høgmesse
v. res. kap. Eidhamar. Nattverd.
Offer til Santalmisjonen.
Orkanger kl. 19. Kveldsmesse.
v. res. kap. Eidhamar.

20.7. 8. s. i *trieining*.
Geitastrand kl. 11. Høgmesse
v. res. kap. Eidhamar. Nattverd.

27.7. 9. s. i *trieining*.
Orkdal kl. 11. Høgmesse
v. spr. Rogstad.
Offer til Tr.krets av Samemisjonen.
Hjå Arne Lomundal - Risan kl. 16.
Gudstenestleg møte v/ spr. Rogstad.

3.8. 10. s. i *trieining*.
Orkanger kl. 11. Høgmesse
v. spr. Rogstad.

10.8. 11. s. i *trieining*.
Orkland kl. 11. Høgmesse
v. spr. Rogstad. Nattverd.

17.8. 12. s. i *trieining*.
Geitastrand kl. 11. Høgmesse
v. spr. Rogstad.
Offer til Barnevernssakademiet.

24/8. 13. s. i *trieining*.
Orkdal kl. 11. Høgmesse
v. res.kap. Eidhamar. Nattverd.
spr. Rogstad har høgmesse i Ner-
skogen denne dag.

31/8. 14. s. i *trieining*.
Orkanger kl. 11. Høgmesse
v. spr. Rogstad.
Offer til Ork. søndagsskole.
Orkland kl. 11. Høgmesse.
v. res. kap. Eidhamar — offer til
barnevernstituttet. Menighets-
møte ved gudstenestas slutt.